




Aukra kommune

# Aukra kommune Budsjett 2010 Økonomiplan 2010 – 2013

Vedteke i KS-sak 120/09 og 121/09



Illustrasjon  
3. klasse Riksfjord skole



Innhold:	Side
<b># Sak budsjett 2010 med vedtak i kommunestyret</b>	<b>3</b>
<b># Sak økonomiplan 2010 – 2013 med vedtak i kommunestyret</b>	<b>9</b>
<b># Saksframlegg # Driftsbudsjett 2010</b>	<b>11</b>
<b># Driftsbudsjett</b>	<b>19</b>
<b># Økonomiplan 2010 – 2013</b>	<b>46</b>
<b># Investeringar 2010 – 2013</b>	<b>48</b>
<b># Store og små tiltak 2010</b>	<b>49</b>
<b># Liste over alle vurderte tiltak</b>	<b>53</b>
<b># Stillingsoversyn</b>	<b>55</b>
<b>Vedlegg:</b> <b># Tallbudsjett drift 2010</b> <b>Tallbudsjett investering 2010</b>	<b>63</b>





## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
126/09	FORMANNSKAPET	09.11.2009
120/09	KOMMUNESTYRET	26.11.2009

## Budsjett 2010

### Rådmannen si tilråding:

Årleg budsjettvedtak vedrørande eigedomsskatt:

1. Aukra kommunestyre skriv ut eigedomsskatt i 2010 i medhald av eigedomsskatteloven §§ 2 og 3. Kommunen skriv ut eigedomsskatt berre på verk og bruk.
2. Skatteøyre for eigedomsskatten blir sett til 7 promille.
3. Kommunestyret vedtek vidareføring av vedtekter som i K-sak 96/04 (sak 04/920).
4. Eigdomskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.

Budsjettvedtak:

1. Aukra kommune vedtek driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema 1 A og B.
2. Aukra kommune vedtek investeringsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema 2 A og B, med dei tiltaka som går fram av tabellen investeringstiltak.

### Saksprotokoll i FORMANNSKAPET - 09.11.2009

### Behandling

**Heidi Løklingholm** sette fram følgjande forslag:

Post 25 Oppvekst og kultur kompenserast med kr 150 000,- for redusert eigabetaling i kulturskolen. Tas frå buffer.

Forslaget frå Heidi Løklingholm vart samrøystes vedtatt

**Bernhard Riksfjord** sette fram forslag til tillegg under investeringstiltak:

Investeringstiltak (side 45, store tiltak 62 – legge til gatelys etter asfaltering/reasfaltering

**Heidi Løklingholm** sette fram følgjande forslag:  
Investeringsbudsjett 2010  
Post 25 – Kulturhus.  
Kr. 300 000,- til planleggingmidlar. Dekning: Ubundne midlar  
Kr. 300 000,- overført til investering.

Forslaget frå Heidi Løklingholm vart samrøyistes vedtatt

**Hanna Valved Korsvik** sette fram følgjande forslag:  
Post 25 – store tiltak. Det vert teke 3 mill. frå ubunde avsettingar til utbygging av turstiar

Forslaget frå Hanna Valved Korsvik fall med 6 mot 1 stemme

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøyistes vedtatt

#### **Innstilling frå formannskapet:**

Investeringstiltak (side 45) , store tiltak 62 – legge til gatelys etter asfaltering/reasfaltering

Post 25 Oppvekst og kultur kompenserast med kr 150 000,- for redusert eigabetaling i kulturskolen. Tas frå buffer.

Investeringsbudsjett 2010  
Post 25 – Kulturhus.  
Kr. 300 000,- til planleggingmidlar. Dekning: Ubundne midlar  
Kr. 300 000,- overført til investering.

#### **Årleg budsjettvedtak vedrørande eigedomsskatt:**

1. Aukra kommunestyre skriv ut eigedomsskatt i 2007 i medhald av eigedomsskatteloven §§ 2 og 3. Kommunen skriv ut eigedomsskatt berre på verk og bruk.
2. Skatteøyre for eigedomsskatten blir sett til 7 promille.
3. Kommunestyret vedtek vidareføring av vedtekter som i K-sak 96/04 (sak 04/920).
4. Eigdomskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.

#### **Budsjettvedtak:**

1. Aukra kommune vedtek driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettskjema 1 A og B.
2. Aukra kommune vedtek investeringsbudsjettet slik det går fram av budsjettskjema 2 A og B, med dei tiltaka som går fram av tabellen investeringstiltak.

## **Behandling**

Referat frå møte i Eldrerådet den 23.11.09, vedr. sakene 120 og 121/09 vart delt ut på møtet

**FRP v/Knut Orø** sette fram følgjande forslag:

1. Som innstillinga frå formannskapet med omsyn til eigedomsskatt
2. Aukra kommunestyre vedtek driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema 1 A og B (side 15)
3. Aukra kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema A og B, med dei tiltaka som går fram av tabell investeringstiltak (side 44 og 45), men med følgjande endringar:
  - a. Investeringsbudsjett Små tiltak post 25 – Kulturhus kr 300 000,- til planlegging. Dekning i ubundne midlar.
  - b. Investeringstiltak Store tiltak post 25 – Plan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Det skal takast kr 1,8 mill frå ubundne avsetningar til utbygging av turstiar og badeplassar over 3 år
  - c. Investeringstiltak Store tiltak post 62- Gang – og sykkelveg Riksford – Solem, vedteke i 2008 for 2010 med kr 14,2 mill, blir ståande, men over 2 år (2010 og 2011). Finansiert frå fond.
  - d. Store tiltak post 25, legg til i tekst ”gatelys etter asfaltering /reasfaltering.
  - e. Investeringstiltak store tiltak post 25 – Garderobe og tribunebygg kr 1,5 mill. flyttast fram til 2010 i tråd med tidlegare vedtak. Dekning frå fond
4. kommunestyret ber om at administrasjonen til neste kommunestyremøte legg fram måltal for 2010 og for økonomiperioden 2010 – 2013, etter dei retningslinjer som vart diskutert i Dialogmøtet 03.11.09 Måltala skal verte rapportert mot kvar tertial.

**AP v/ Audhild Mork** sette fram følgjande forslag:

Kommunestyret ber om å få fram sak vedr. hyppigare bussforbindelse mellom Aukra og Molde, i første omgang på kveld/helg.

**KRF v/Oddvar Hoksnes** sette fram følgjande forslag:

Kommunestyret vedtek å støtte Gossen IL sin søknad om forskotering av ein ”Leigeavtale mellom GIL og Aukra kommune, 10 år” med det omsøkte beløpet på kr 1 500 000,-. Midlane ”tas” frå post 20 – Nye Riksford skole

**KRF v/Oddvar Hoksnes** sette fram følgjande forslag:

Kommunestyret set av ei ramme på inntil kr 500 000,- til sanitærbygg/lagerrom på Løvikremma. Summen vert dekt av ubundne fond for styrking av 25: Oppvekst og kultur.

**KRF v/Helge Kjøll jr.** sette fram følgjande forslag:

Post 20: Styrkes med kr 200 000,- Tas frå buffer

Post 21: Styrkes med kr 75 000,- Tas frå buffer

**AP v/Turid Nerbø** sette fram følgjande forslag:

Som innstillinga frå formannskapet med unntak av setninga som gjeld

Post 25 Oppvekst og kultur - kompenserast med kr 150 000,-

**AP v/Bernhard Riksfjord** sette fram følgjande forslag:

1. Aukra kommunestyre vedtek at dei som ønskjer det skal kunne få tildelt tryggheitsalarmer gratis gjennom Aukra kommune. Kostnadane til innkjøp/utplassering/vedlikehald dekkast av den eininga som til ein kvar tid har ansvaret og administrerer tryggheitsalarmer ( D.d. Heimetenesta).

2. Store investeringstiltak:

Gang- og sykkelvegar/gatelys 62, side 45, aukast frå 0,5 mill. til 1,2 mill. For der igjennom å kunne etterkomme dei mange ønska frå innbyggjarar om å sette opp gatelys som tryggleik/trivselstiltak. (Ny Jord mot Solem/Småge. Og frå Pinsemenighetshuset mot Løvika nemnast som eksempel)

Inndekning til forslaget på denne posten med ei auke på kr 700 000 vert foreslått inndeikt slik:  
Redusere posten 62 vatn, med kr 700 000,-

**KRF v/Aud Mork** sette fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret ber om at timesatsane i støttekontakttenesta blir auka vesentleg
2. Ein ber også administrasjonen sjå på kva sosiale rettar som kan opparbeidast i tenesta.

**H v/Lars Hollingen ba om gruppemøte. Det vart halde gruppemøte i 10 min.**

**FRP v/Knut Orø endra sitt forslag til:**

Stryke alle pkt. unntatt pkt. 3 b og c

**AP v/Turid Nerbø endra sitt forslag til:**

Investeringsbudsjett i 2010, post 25 – Kulturhus:

Finansierast ved reduksjon av store tiltak, post 20 Riksfjord skole, i 2010 med kr 300 000,-.

**Avstemming:**

**Forslaget frå FRP v/Knut Orø**

Pkt 3b fall med 10 mot 11 stemmer

Pkt. 3c fall med 14 mot 7 stemmer

**Forslaget frå AP v/Audhild Mork vedr. bussforbindelse** vart vedtatt oversendt til administrasjonen

**Forslaget frå KRF v/Oddvar Hoksnes vedr. tribunebygg** vart vedtatt med 16 mot 5 stemmer

**Forslaget frå KRF v/Oddvar Hoksnes vedr. Løvikremma** vart vedtatt med 12 mot 9 stemmer

**Forslaget frå KRF v/Helge Kjøll jr.** vedr. IT fall med 10 mot 11 stemmer

**Forslaget frå AP v/Turid Nerbø** vart samråystes vedtatt

**Forslaget frå AP v/Bernhard Riksfjord** pkt. 1 vart vedtatt med 14 mot 7 stemmer

**Forslaget frå AP v/Bernhard Riksfjord** pkt. 2 vart samråystes vedtatt

**Forslaget frå KRF v/Aud Mork** vedr. støttekontakttenesta vart vedtatt oversendt til administrasjonen

### **Innstillinga frå formannskapet :**

Årleg budsjettvedtak vedrørande eigedomsskatt :

1. Aukra kommunestyre skriv ut eigedomsskatt i 2007 i medhald av eigedomsskatteloven §§ 2 og 3. Kommunen skriv ut eigedomsskatt berre på verk og bruk.
2. Skatteøyre for eigedomsskatten blir sett til 7 promille.
3. Kommunestyret vedtek vidareføring av vedtekter som i K-sak 96/04 (sak 04/920).
4. Eigedomskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.

Budsjettvedtak:

1. Aukra kommune vedtek driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettskjema 1 A og B.
2. Aukra kommune vedtek investeringsbudsjettet slik det går fram av budsjettskjema 2 A og B, med dei tiltaka som går fram av tabellen investeringstiltak.

Vart samråysts vedtatt

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek å støtte Gossen IL sin søknad om forskottering av ein "Leigeavtale mellom GIL og Aukra kommune, 10 år" med det omsøkte beløpet på kr 1 500 000,-. Midlane "tas" frå post 20 – Nye Riksfjord skole

Kommunestyret set av ei ramme på inntil kr 500 000,- til sanitærbygg/lagerrom på Løvikremma. Summen vert dekt av ubundne fond for styrking av 25: Oppvekst og kultur.

Investeringsbudsjett i 2010, post 25 – Kulturhus:

Finansierast ved reduksjon av store tiltak, post 20 Riksfjord skole, i 2010 med kr 300 000,-.

Aukra kommunestyre vedtek at dei som ønskjer det skal kunne få tildelt tryggheitsalarmer gratis gjennom Aukra kommune. Kostnadane til innkjøp/utplassering/vedlikehald dekkast av den eininga som til ein kvar tid har ansvaret og administrerer tryggheitsalarmer (D.d. Heimetenenesta).

**Store investeringstiltak:**

Gang- og sykkelvegar/gatelys 62, side 45, aukast frå 0,5 mill. til 1,2 mill. For der igjennom å kunne etterkomme dei mange ønska frå innbyggjarar om å sette opp gatelys som tryggleik/trivselstiltak. (Ny Jord mot Solem/Småge. Og frå Pinsemenighetshuset mot Løvika nemnast som eksempel)

Inndekning til forslaget på denne posten med ei auke på kr 700 000 vert foreslått inndeckt slik:  
Redusere posten 62 vatn, med kr 700 000,-

**Årleg budsjettvedtak vedrørande eigedomsskatt:**

1. Aukra kommunestyre skriv ut eigedomsskatt i 2010 i medhald av eigedomsskatteloven §§ 2 og 3. Kommunen skriv ut eigedomsskatt berre på verk og bruk.
2. Skatteøyre for eigedomsskatten blir sett til 7 promille.
3. Kommunestyret vedtek vidareføring av vedtekter som i K-sak 96/04 (sak 04/920).
4. Eigedomskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.

**Budsjettvedtak:**

1. Aukra kommune vedtek driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema 1 A og B.
2. Aukra kommune vedtek investeringsbudsjettet slik det går fram av budsjettkjema 2 A og B,  
med dei tiltaka som går fram av tabellen investeringstiltak.

**Vedlegg:** Utskrift av driftsbudsjettet

**Særutskrift:** Møre og Romsdal Fylke  
Kommunerevisjonen

**Bakgrunn:**

Med heimel i kommunelova § 45 jf. § 2, skal kommunestyret vedta årsbudsjettet for komande kalenderår innan utgangen av året. Det er formannskapet som skal legge fram forslag til budsjett for kommunestyret. Forslaget skal ut til alminneleg ettersyn seinast 14 dagar før det skal handsamast i kommunestyret. Budsjettet er utarbeidd i samsvar med kommunelova §§ 45 og 46 og forskrift om årsbudsjett gitt med heimel i kommunelova § 46 nr 8 (budsjettforskrifta).

Årsbudsjettet er utarbeidd i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.



## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
127/09	FORMANNSKAPET	09.11.2009
121/09	KOMMUNESTYRET	26.11.2009

## A - 145 Økonomiplan 2010 - 2013

### Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommunestyre vedtek driftsbudsjettet for økonomiplanperioden 2010-2013 slik det går fram av skjemaet økonomiplan drift 2010 – 2013 – budsjettkjema 1 A og B (side 42).
2. Aukra kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet for økonomiplanperioden 2010 – 2013 slik det går fram av skjema investeringsbudsjettet 2010 – 2013 – budsjettkjema 2 A og B (side 44). Investeringstiltaka ligg til grunn for vedtaket slik dei er lista opp på side 45.

### Saksprotokoll i FORMANNSKAPET - 09.11.2009

#### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen pkt. 1 og pkt. 2 vart samrøyistes vedtatt

#### Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen pkt. 1 og 2

### Saksprotokoll i KOMMUNESTYRET - 26.11.2009

#### Behandling

Referat frå møte i Eldrerådet den 23.11.09, vedr. sakene 120 og 121/09 vart delt ut på møtet

**AP v/Audhild Mork** sette fram følgjande forslag:

Under investeringstiltak, store tiltak Post 21

Julsundet skole. Kommunestyret vedtek å framskunde utbygging på Julsundet skole med 10 mill. i 2011 og 10 mill. i 2012. Finansierast ved bruk av avsettingar

**AP v/Audhild Mork** endra forslaget til følgjande:

Under investeringstiltak, store tiltak Post 21 Julsundet skole.

Kommunestyret vedtek å framskunde utbygging på Julsundet skole med 10 mill. i 2011.

Finansieres ved bruk av investeringsbudsjettet Nye Riksford skole i 2011

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Forslaget frå AP v/Audhild Mork vedr. Julsundet skole vart vedtatt med 20 mot 1 stemme

## **Vedtak**

Aukra kommunestyre vedtek driftsbudsjettet for økonomiplanperioden 2010-2013 slik det går fram av skjemaet økonomiplan drift 2010 – 2013 – budsjettkjema 1 A og B (side 42).

Aukra kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet for økonomiplanperioden 2010 – 2013 slik det går fram av skjema investeringsbudsjettet 2010 – 2013 – budsjettkjema 2 A og B (side 44). Investeringstiltaka ligg til grunn for vedtaket slik dei er lista opp på side 45.

Under investeringstiltak, store tiltak Post 21 Julsundet skole.

Kommunestyret vedtek å framskunde utbygging på Julsundet skole med 10 mill. i 2011.

Finansieres ved bruk av investeringsbudsjettet Nye Riksford skole i 2011

**Særutskrift:** Møre og Romsdal Fylke  
Kommunerevisjonen

## **Bakgrunn:**

Med heimel i kommunelova § 44 jf § 2, skal kommunestyret årleg vedta rullering av økonomiplan for dei fire neste åra. Formannskapet legg fram innstilling til vedtak for kommunestyret. Innstilling til økonomiplan skal leggast fram til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret. Økonomiplanen er utarbeidd i samsvar med kommunelova § 44 og forskrift om årsbudsjett gitt med heimel i kommunelova § 46 nr 8 (budsjettforskriften).

Økonomiplanen er utarbeidd i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

# **Saksframlegg**

**# Driftsbudsjett 2010**

**# Økonomiplan 2010 – 2013**

**# Investeringar 2010 - 2013**

**# Store og små tiltak**



# **Driftsbudsjett 2010**

Rådmannen legg fram felles saksutgreiing for årsbudsjett og økonomiplanen for både drift og investering.

Første del av saksframlegget gjeld driftsbudsjetten. Der er det sagt noko om status, målsettingar og litt om verksemda til kvar eining.

Andre del av saksframlegget gjeld investeringsbudsjettet. Investeringsbudsjettet sin tiltak er delt inn i store og små tiltak. Dei små tiltaka gjeld investeringsaktivitetar som rådmannen meiner er naudsynt for å oppretthalde effektiv drift. Dei store tiltaka gjeld investeringar som bør ha god forankring i politiske vedtak.

## **Utgreiing**

Kommunestyret har vedtatt i økonomireglementet at budsjettet skal bygge på prinsippa kring rammebudsjettering. Det inneber at kvar eining får tildelt ei budsjettramme som dei skal drive verksemda si innafor. Årsbudsjettet skal ha eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett. Budsjettet blir vedtatt på rammenivå, men kvar eining skal utarbeide budsjett på detaljnivå.

## **Organisering av budsjettarbeidet**

Rådmannen hadde oppstartsmøte for budsjettarbeidet med leiargruppa 12.06.09. I K-sak 60/09 tok kommunestyret til vitande ei sak om budsjett og økonomiplanarbeidet i 2009. Der blei det lagt opp til at budsjettet skulle handsamast i kommunestyret i november. I same saka blei det lagt til grunn at tenestenivået for 2010 skulle ligge på nivå med korrigert budsjett etter 1. tertialhandsaming. For investering blei det lagt til grunn prinsippet om kontant finansiering av investeringar i økonomiplanperioden.

Rådmannen sendte budsjetttrundskriv til einingane 20.07.09. Budsjettarbeidet var hovudtemaet på fleire leiarmøte og alle einingane har hatt innleiande budsjettmøte med rådmannen. 3. september var det dialogmøte mellom kommunestyret og administrasjonen. Fleire signal blei gitt i dette møtet og som administrasjonen har tatt omsyn til så langt det har vore muleg.

Utover oktober månad har det vore arbeidd mykje med å halde kostnadsveksten på driftsområdet på eit moderat nivå. Innan investeringar har det vore gjort vanskelege vurderingar for å få på plass eit investeringsnivå som er forsvarleg økonomisk og gjennomføringsmessig.

## **Økonomistyring**

Behovet for overordna tenking og strategiutvikling internt i kommunen aukar: Aukra kommune blir i kraft av å vere ilandføringsstad for Ormen Lange-gassen oppfatta som ein velståande kommune, og dette inntrykket kan verke sjølvforsterkande, i den forstand at vanlege økonomiske "lover" lett kan bli "oppheva"; oppfatninga om at ressursane er så store over tid at det ikkje er serleg behov for økonomisk styring kan feste seg. Og rett nok: kommunen er i ei særstilling, og da er det ofte vanskeleg å skulle sette grenser.

Utfordingane knytta til "rikdommens dilemma" er m.a. at sjølv om rammene er store, så er det likevel eit problem å halde dei, fordi det er så mange gode formål som skal ha sitt, og som får sitt underveis, og det er vanskeleg å vise til tydelege samanhengar mellom tilgjengelege

ressursar og resultat/kvalitet. Dette har delvis sin årsak i misforholdet mellom god økonomi og begrensa administrative ressursar.

Vår kommunale «svøpe» er kortsiktigheit. Vi har ofte ein kort tidshorisont framfor oss, medan utviklingstrekkja krev langsiktig tenking. Daglege utfordringar, daglege drift, tek for mange av oss tilnærma all tid. Budsjettet er for eitt år, økonomiplana for 1+3, kommunevalperioden er for 4 år, og no er det 2 år igjen. Utskiftingar både i det politiske systemet ved val, og løpende skifte i administrative stillingar, kan og bidra til dette. Når vi no skal utarbeide kommuneplana, skal den ha et 12-årsperspektiv. Beslutningar som vi i dei nærmaste månadene skal fatte, vil ha konsekvensar langt utover dette: det gjeld t.d. haldning og vedtak knytta til sentrums- og tettstadutvikling på Gossen, herunder plassering av skolen, det gjeld sentrumsutvikling i Julsundet, tiltak i miljø-, energi- og klimaplana, omsorgsplana, etc.

Andre – og eksternt fatta beslutningar – vil og ha store konsekvensar for Aukrasamfunnet. Det kan gjelde vidare utvikling av Nyhamna som gassknutepunkt, her er tidsperioden ca 40 år. Det gjeld spørsmålet om fastlandssamband. Å ha oversikt over samfunnsendringar som følgjer av forhold som dette, er vanskeleg å ha klare formeiningar om. Derfor er det spesielt viktig å gripe fatt i det, t.d. gjennom eit samarbeid med Møreforskning, eller anna institusjon. Rådmannen vil vurdere å kome attende til dette.

Eigedomsskatteinntektene har medført at pengebruken til driftstiltak har gått vesentleg opp dei seinare åra:

2004 – 2005: + 7,45 %  
2005 – 2006: + 22,28 %  
2006 – 2007: + 11,49 %  
2007 – 2008: + 13,75 %  
2008 – 2009: + 21,81 %


På desse åra har utgiftsveksten på drift auka frå kr 87 195 000 (rekneskapstall 2004) til kr 176 985 000 (budsjettal 2009) som utgjer ein driftsauke på 5 år på 103 %. Også i budsjettforsлага for 2010 var veksten i utgangspunktet svært stor, noko som ville ha medført at forslaga til drifts- og inversteringskostnader samla sett ville overstige påreknelege inntekter allereie i 2011. I den administrative budsjettprosessen har det difor vore heilt nødvendig å avpasse framtidig vekst til eit moderat nivå, til ca 3-4 % årleg vekst.

2009 – 2010: + 3,61 %

Figuren nedanfor viser denne utviklinga:

## Utvikling frå 2004 til 2013

(basert på rekneskap frå 2004 til 2008, og på budsjett/økonomiplan for seinare år)



- Blå line viser kva som samla sett er tilgjengelege ressursar i økonomiplanperioden.
- Raud line viser utvikling i driftsutgifter.
- Gul line viser kva som i tillegg er overført til investeringstiltak (drift + investeringar).

Slik budsjettopplegget no blir presentert for kommunestyret er det som det framgår eit godt avbalansert opplegg i økonomisk forstand. Budsjettopplegget vil difor heilt sikkert ikkje vere berre godt sett frå ein *politisk* synsstad. Rådmannen ser at budsjettopplegget kan innebere vanskeleg val, og det er også utfordringar når det gjeld å sjå den samla lokalsamfunnsutviklinga i ein god samanheng.

Det vil i nær framtid bli lagt vekt på å oppdatere dei styringsdokumenta som er spesielt viktige i samanheng med dette. Det gjeld ulike reglement, som vil bli lagt fram som eigne saker til kommunestyret: økonomireglement/finansreglement og delegeringsreglement (både til underliggende politiske organ, og til administrasjonen).

### Aukra kommune sin posisjon utad

Aukra kommune har som følgje av å vere ilandføringsstad vorte meir «interessant» å samhandle med for ei rekke viktige aktørar lokalt og regionalt. Dette er bra, det set kommunen ”på kartet”, men det er og krevjande. I Aukra kommune som organisasjon er det svært stor aktivitet – og stort arbeidspress – på saksområde som de fleste andre små kommunar har lågare trykk på (planlegging, regulering, næringssaker, nye arenaer der kommunen forventes å delta og bidra på, mediefokus, osv). Det blir lagt merke til korleis Aukra kommune opptrer, og det er forventningar «ute» om at kommunen både må og bør engasjere seg aktivt i mange samanhengar.

Gass- og næringsrelaterte samarbeidspartar og nettverk er mange. Dette bidreg positivt til kommunens omdøme. Kommunen er aktør og involvert i m.a. følgjande, både gjennom møter, prosjekt, felles arenaer forøvrig:

- Shell / Lisenzen
- Aksen Aukra – Kristiansund (Vestbase) – Aure (Tjeldbergodden)
- Norskehavssalliansen (Samarbeidsorgan mellom 4 fylker, og berørte kommunar i desse fylka, med formål å arbeide for å posisjonere regionen for ytterlegare ilandføringar, næringsvekst, etc.)
- Gassco, som svært sentral part nasjonalt
- Møre og Romsdal fylke – i mange samanhengar – ikkje minst gjennom ”Energiregion Møre”, etterkvart også gjennom eit prosjekt der samarbeidet mellom Romsdal og Nordmøre blir framheva, gjennom ein felles ”Framtidsdugnad”.
- GassROR IKS
- ROR (regionrådet)
- ONS – olje- og gassmess i Stavanger (blir arrangert annakvart år)
- Petropolen – møteplass for næringsliv, kommunar, bedrifter
- KS sitt ”klimanettverk”, der Aukra deltek saman med gass- og oljekommunane Aure (Tjeldbergodden), Hammerfest (Melkøya), Tysvær (Kårstø), Lindås (Mongstad), Øygarden (Stureterminalen, Kollsnes) og Austrheim (Mongstad)
- Eit siste eksempel kan vere – og som viser at Aukra blir oppfatta som interessant og lagt merke til også utanfor landets grenser – er at Møre og Romsdal fylke, i samarbeid med organisasjonen NORA (Nordisk Atlantsamarbeide), har invitert Aukra til å bidra med sine Nyhamna-erfaringar i eit nordatlantisk (for)prosjekt kalla ”Lokalsamfunn i endring” (forandringsprosessar i lokalsamfunn som står overfor vesentlege endringar).

### Kommunens ulike roller

Kommunen er ein samansett organisasjon, og i økonomiplansamanheng og i daglegrivet ”møtes” desse rollane. Ofte er det samanfall og konfliktfritt, andre gonger kolliderer ulike omsyn. Gjennom langsiktig planlegging, der budsjett og økonomiplan er viktige element, skal følgjande roller samkjøyrast:

- Samfunnsutviklarrolle – der dei overordna og styrande beslutningane skal gi føringar for andre roller. Dette kan vel seiast å vere kommunestyrets ”store” rolle, med å stake ut kurset, sjå samanhengane, etc. Men andre roller kan ofte ha meir fokus:
- Tenesteprodusent og tenesteytar: kommunen *produserer* sjølv ei rekke tenester og kommunen *yter* tenester til innbyggjarar/brukarar. Rammene for dette blir i hovudsak sett i budsjetta.
- Ei tredje rolle er at kommunen har forvaltningsmessige oppgåver; utøvar mynde ihht lover og regelverk.
- I desse rollene skal den enkelte innbyggjar ivaretakast på ein god måte, folkevalde si ombudsrolle blir difor også sentral.
- Sist – men ikkje minst – kommunestyrets arbeidsgivarrolle er viktig, der kommunens interne organisering, rekruttering, kompetanse, belønning, er viktige element.

Rådmannen vil i 2010 ta initiativ til at det blir gjennomført ei evaluering av kommuneorganisasjonen. Dette vil bli lagt fram som eiga sak.


### Målsettingar og kvalitetsvurderinger

Som det går fram av kommentarane utover i dette dokumentet, er det skrive mykje om mål, tenestekvalitet, premissar for dette, og ønska resultat. Sett frå rådmannens side er det likevel slik at ei av våre store utfordringar som organisasjon framover, er å bli betre og tydelegare på dette. Aukra kommune er i sitt vesen ein god og svært handlingsretta organisasjon, medan vi møter utfordringar når det gjeld system og dokumentasjon. Det er blitt kommentert gjennom

ulike tilsyn, frå kontrollutvalet, etc. På enkelte områder har det vore nedlagt eit konkret og godt arbeid med kvalitetsvurderingar (eks skolane/tenesteanalysen, barnehagane, og andre), mens det på andre områder vil bli tatt sterkare tak i tida som kjem.


Samanliknar vi oss med andre kommunar ser ein raskt at ressursbruken i Aukra er fullt på høgde med andre kommunar, og på mange områder ligg vi høgt over. Samanliknar vi med oss sjølv over tid, har utvikling også vore stor. Det har vore ein formidabel vekst innan barnehagar og grunnskoledrift, mindre veksttakt på andre område, men likevel slik at Aukra ligg godt an vis a vis samanliknbare kommunar. Figurane nedanfor viser dette.

### Tall frå Kostra – rapporteringa Prioritering



Prioritering	2004	2005	2006	2007	2008	M&R 2008
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar	10 461	6 385	14 241	20 409	31 607	13 846
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	67 038	72 319	81 958	87 545	101 512	81 970
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesta	1 255	1 437	1 328	1 581	1 771	1 566
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesta	10 846	11 425	12 416	13 371	14 278	13 725
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbygger 20-66 år	1 149	952	1 018	930	1 018	1 616
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesta	817	1 104	1 508	3 100	5 456	4 613
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	3 790	4 140	3 794	4 249	5 057	3 654

## Tall frå Kostra - rapporteringa - Dekningsgrad



## Føresetnader i budsjettet

Følgjande generelle føresetnader ligg til grunn for budsjettframlegget:

- Pensjonspremie KLP: 16,5 %
- Pensjonspremie KLP ordførar: 39,5 %
- Pensjonspremie STP: 11 %
- Arbeidsgjevaravgift: 14,1 %
- Renter på nye investeringar: 4 %
- Renter på innskott: 3 %
- Prisvekst: 2,5 %

**BUDSJETTSKJEMA 1 A og B - DRIFTSBUDSJETT 2010**

Tala er i heile 1000 kroner

	<b>Budsjett 2010</b>	<b>Budsjett 2009 korr 2</b>	<b>Rekneskap 2008</b>
Skatt på inntekt og formue	-80 100	-94 100	-96 480
Ordinært rammetilskot	-51 000	-43 000	-21 326
Skatt på eigedom	-137 300	-132 000	-132 992
Andre statlege overføringer	-223	-288	-288
Momskompensasjon investering	-5 000	-4 000	-4 194
Øyremerka tilskot særskilte brukarar			-3 083
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>-273 623</b>	<b>-273 388</b>	<b>-258 363</b>
Renteinntekter og utbytte	-3 000	-4 000	-6 053
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 400	8 050	9 366
Avdrag på lån	4 000	5 400	8 004
Avdrag lån Hydro			18 597
<b>Netto finansinntekter / - utgifter</b>	<b>5 400</b>	<b>9 450</b>	<b>29 914</b>
Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk			
Til ubundne avsetningar	20 242	21 796	37 364
Til bundne avsetningar			
Bruk av tidligare års regneskapsmessige mindreforbruk			-47 364
Bruk av ubundne avsetningar			
Bruk av bundne avsetningar			
<b>Netto avsetningar</b>	<b>20 242</b>	<b>21 796</b>	<b>-10 000</b>
<b>Overført til investeringsrekneskapet</b>	<b>68 000</b>	<b>68 827</b>	<b>24 211</b>
<b>Til fordeling drift</b>	<b>-179 981</b>	<b>-173 315</b>	<b>-214 238</b>
10 Sentrale styringsorgan	35 576	35 607	31 404
20 Riks fjord skole	30 956	31 268	28 776
21 Julsundet skole	12 272	12 032	10 400
22 Barnebo barnehage	4 064	4 589	2 982
23 Bergetippen barnehage	1 555	2 537	1 407
25 Oppvekst og Kultur	11 181	12 260	10 920
30 Pleie og omsorg	46 868	46 270	44 188
40 Helse	11 198	12 761	9 046
50 NAV	4 388		
60 Plan, utvikling og samfunn	2 334	2 472	988
62 Drift, forvaltning og vedlikehald	10 062	8 744	2 790
65 Brann og beredskap	2 928	2 916	3 939
Juvika småbåthamn			5
Buffer	10 000	5 529	0
Motpost kalk. rente, avskrivningar, avsetn.	-3 401	-3 670	-1 545
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>179 981</b>	<b>173 315</b>	<b>145 300</b>
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-68 938</b>

## **Inntekter**

Kommunen sine inntekter er skatteinntekter, rammetilskot, brukarbetaling/ gebyrinntekter og øyremerka tilskott. I tillegg kjem inntekter frå kapitalplasseringar.

Kommune får overført skatteinntekter 10 gonger i året frå staten. Skatteinngangen er avhengig av kor mykje skatt som blir innbetalt frå skattepliktige til kommune. Dei siste åra har skatteinntektene til Aukra kommune vore store. Kommunar med høg skatteinngang blir trekt til fordel for kommunar med låge skatteinntekter etter eigne utjamningsmodellar (inntektsutjamning). Kor stort rammetilskotet blir kvart år er avhengig av samansettninga av befolkninga i kommunen. Utgiftsutjamninga tek omsyn til demografiske, geografiske og sosiale strukturar. I inntektssystemet er det direkte samanheng med kommunen sin skatteinngang og rammeoverføringane. Ein nedgang i skatteinntektene, vil difor føre til auke i rammetilskottet.

Det er mykje som tyder på at skatteinngangen for 2010 vil gå ned i Aukra. Statsbudsjettet legg opp til at skattedelen er 44,6 % av kommunen sine overføringer frå staten. Utviklinga i 2009 har vist at skatteinngangen har gått jamt nedover og per september 2009 var skatteinngangen 106,6 % av landsgjennomsnittet mot 135,5 % i 2008.

I statsbudsjettet 2010 fekk Aukra kommune ein inntektsvekst på 0,7 % frå 2009. Vår kommune fekk den lågaste veksten i Fylke. Dette heng saman med den høge skatteinngangen i kommunen.

### **Skatteinntekter**

Skatteinntektene er budsjettert til kr 80 100 000.

### **Rammeinntekter**

Rammeinntektene er budsjettert til kr 51 000 000.

Desse inntektene gjeld innbyggartilskott, regionaltilskott, skjønnstilskott og inntektsutjamning. Talet på innbyggjarar vil påverke kor stor overføringa vil bli.

Regionaltilskott blir gitt til alle kommunar med folketal under 3200 innbyggjarar og har skatteinngang under 120 % av landsgjennomsnittet over ein 3 års periode. Aukra Kommune hadde i 2008 ein skatteinngang på 135,5 % og 162,3 % i 2007. Prognosene for 2009 ser ut til å bli under 120 %. Held dette fram kan ein få småkommunetilskott i 2011.

### **Eigedomsskatt**

Eigedomsskatteinntektene blir foreslått budsjettert til kr 137 300 000.

Med heimel i eigedomsskattelova § 13 kan skatteøyre høgast vere på 7 promille. Rådmannen tilrår å sette skatteøyret til 7 promille for 2010.

I statsbudsjettet er foreslått endring i eigedomsskattelova. Det er foreslått at kommunen sitt eigedomsskatteområde blir rekna til grunnlinja i sjøområde. Vidare er det foreslått ein overgangsordning for installasjon som det er skrive ut eigedomsskatt utanfor grunnlinja, med ein reduksjon med 1/3 av skattegrunnlaget i 2010 og 2011.

For Aukra kommune førar lovendringa til at ca. ¼ del av gassrøyrleidningen Langeled ikkje er grunnlag for eigedomsskatt, då den ligg utanfor grunnlinja. I kroner vil det utgjere ein nedgang på ca kr 770 000. For 2010 vil det vere ca kr 256 000. Rådmannen tilrår å avvante endeleg handsaming av lovendringsforslaget før endringar blir gjort i eigedomsskattegrunnlaget.

Det kan her nemnast at det i haust er stifta eit eige **nettverk av Fjord- og kystkommunar** med formål nettopp å ivareta kystkommunanes interesser i forhold til å sikre retten til lokal forvaltning av sjø- og kystsona, og gjennom ulike former for lokal beskatningsandel gi

vertskommunane ein rimeleg del av verdiskapninga som bruk av kommunanes sjø- og landterritorium har gitt grunnlag for. KS er sekretariat for nettverket. - Formannskapet har gitt si tilslutning til at Aukra kommune deltek i dette nettverket.

### **Andre generelle statstilskott**

Dei andre inntektene i tabellen viser investeringskompensasjon og MVA - kompensasjon på investeringar.

MVA - kompensasjon på investeringar er budsjettet til 5 mill.kr. Frå 2010 blir det endring i korleis kommunane skal føre investeringskompensasjon frå investeringar. I dag skal kompensasjonen førast til inntekt i driftsrekneskapen, medan endringa inneber at momskompensasjonen skal førast i investeringsrekneskapen. Ordninga som no gjeld har ført mange kommunar inn i økonomisk uføre, ved at driftsbudsjetta har vorte auka (saldert) ved hjelp av kompensert investeringsmoms. Det er lagt opp til ein gradvis tilpassing til denne endringa slik at første året (2010) skal 20 % av mva-kompensasjonen førast over til investeringsrekneskapen. For 2011 skal 40 % overførast til investering osb. Aukra kommune har økonomisk evne til å overføre heile mva-kompensasjonen til investering og dette blir foreslått.

### **Finansinntekter/-utgifter**

Renteinntektene er vurdert ut frå erfaringstal. Renteutgiftene er rekna med ei gjeldsrente på 4 %.

Lånegjelda til Aukra kommune er ca. 110 MNOK. Avdrag er ca 4 millionar.

### **Avsetningar til ubunde fond**

Beløpet som er foreslått avsett til fond sikre ei anbefaling om at netto driftsresultat bør utgjere 3 % av kommunane sine driftsinntekter. Aukra kommune kan oppfylle dette resultatmålet som utgjer kr 8 200 000. I tillegg blir det sett av inntekter som ikkje er føreslått disponert i budsjettet og som kan nyttast til framtidige tiltak.

### **Overføring til investeringsrekneskapen**

Her ligg det overføring av inntekter til finansiering av investeringar som er føreslått i investeringsbudsjettet. I dette beløpet ligg kr 5 millionar som er overføring av mva – kompensasjon for investeringar.

### **Oppsummering inntekter**

Aukra kommune har høge og stabile inntekter og det er viktig at desse blir brukt på ein god måte for å sikre langsiglig, sunn finansiering av dei det tenestenivået som blir bestemt og dei investeringane som er prioritert. Det er vidare særdeles viktig å ta høgde nye tiltak som ein finn verdfulle i framtida.

## **Driftsutgifter**

### **Generelt**

#### **Rammer**

I budsjettprosessen har det vore arbeidd grundig slik at rammene til einingane er slik at intensjonen i sak K-sak 60/09 er oppfylt. Veksten i driftsramma frå 2009 til 2010 er på 3,61 % utan lønnsvekst. Statsbudsjettet har lagt opp til ein vekst på 3,1 % inkludert lønnsvekst. Dette viser at veksten i rammene til einingane i Aukra kommune er vesentleg betre enn nivået i statsbudsjettet. Det er difor viktig å framleis arbeidet med å finne rett tenestenivå og arbeide for å finne rett kostnadsramme på tenesta, ut frå mål og kvalitetsbeskrivingar.

#### **Buffer**

I budsjettet er det sett opp ein buffer på kr 10 millionar. Denne skal dekke reell lønnsvekst med sosiale kostnader i 2010, resultat av einskiltvedtak og andre uføresette hendingar. I 2010 er det hovudoppgjer i lønnsforhandlingar. Statsbudsjettet har stipulert lønnsveksten til å bli 3,5 %. Dette er høgare enn kva som blei utslaget i mellomoppgjeret i 2009. Nivået på bufferen blir vurdert stor nok til å ta dei endringane i lønnsoppgjeret og normale endringar knytt til einskiltvedtak.

## **10 Sentrale Styringsorgan**

### **Mål og premissar for Lønn og personalkontoret**

#### **Målsetting**

Løns- og personalkontoret (LØP) har ansvar for at alle tilsette, politikarar og andre som har krav på lønn eller anna godtgjering får utbetalt korrekt beløp til rett tid. Oppretting av stillingsheimlar bidrar til effektiv lønnsbudsjettering og skal vere eit verktøy for å følgje opp at ein ikkje brukar meir ressursar enn det som er vedtatt. LØP er ansvarleg for å følgje opp at heimlane til ein kvar tid er oppdatert.

Kontoret har ansvar for at det vert utarbeidd overordna retningsliner som skal gi einingane og personalansvarlege gode verktøy for oppfølging og ivaretaking av våre tilsette slik at vi kan yte gode tenester til innbyggjarane. Vi ønskjer at Aukra kommune kan framstå som ein attraktiv arbeidsplass for kompetente og ansvarlege medarbeidarar.

Dette skal skje gjennom målretta arbeid i samarbeid med einingane og på følgjande område:

#### **Kontinuerleg kompetanseutvikling.**

Det er i 2009 gjennomført kompetansekartlegging av tilsette. Dette skal nyttast som verktøy til å utarbeide planer for kompetansebehovet i åra som kjem og vere ein del av kriteria for lønnsfastsetting i lokale forhandlingar. Oppretta fond for etter- og vidareutdanning og utarbeidde retningsliner håper vi skal bidra til å motivere tilsette til kompetanseutvikling i tråd med behovet i Aukra kommune. Eitt mål er å auke talet på fagarbeidarar og at vi kan tilby utdanning til stillingar der vi har vanskar med å rekruttere, t.d. forskolelærar og psykiatrisk sjukepleiar.

Vi vil satse på medarbeidarane våre ved å utvikle vidare det vi starta gjennom KM Kollegamedvirkning. Nyttilsette skal få opplæring om organisasjonen Aukra kommune og delta på tverrfaglege samlingar som kan bidra til god innsikt i dei tenestene vi yter. Gjennom

systematisk leiar- og mellomleiaropplæring ønskjer vi å auke endringskompetansen og bli enda betre på å leie stadig meir kompetente medarbeidarar.

### **Auka nærvær på arbeidsplassane.**

I løpet av hausten 2009 og våren 2010 vil det komme inn forslag til tiltak som kan bidra til auka nærvær på arbeidsplassane. Ressurskrevjande tiltak vil bli vurdert av styringsgruppa og godkjente tiltak må gjennomførast fortløpende.

Personalsjef, saman med einingsleiar for Barnebo barnehage og Pleie og omsorg skal utdanne seg som prosessrådgivarar i arbeidet med nærvær/langtidsfrisk. Dette skal bidra til å halde fokus på nærvær over tid. 8 kommunar i Romsdal og Nordmøre har gått saman om denne utdanninga og vil samarbeide også etterpå.

### **Helse, miljø og tryggleik:**

Det er nye krav til bedriftshelseteneste frå 2010. I ny forskrift er det fleire grupper av tilsette som har krav på bedriftshelseteneste.

Betre rutinar for å gjennomføre vernerundar og følgje opp at avvik blir retta opp. Saman med verneomboda vil vi drøfte korleis dette skal gjennomførast i praksis.

### **Medarbeidarundersøking 2009**

Hausten 2009 skal det gjennomførast ei medarbeidarunderøking i kommunen. Dette skjer som følgje av deltaking i KS' effektiviseringsnettverk. Resultatet frå denne undersøkinga vil bli lagt fram for administrasjonsstyret til drøfting og eventuelle tiltak.

### **Lønns og arbeidsvilkår**

I samarbeid med tillitsvalde vil vi halde fram med felles informasjonsmøte og legge eit godt grunnlag for samarbeid om lønns og arbeidsvilkår for tilsette. Følgje avtaleverket for KS-området og nytte dei lokale verkemidla ein har til beste for våre medarbeidarar.

## **Mål og premissar for økonomikontoret**

Økonomikontoret skal yte gode og riktige tenester innan rekneskap, budsjett, skatteoppkrevjarområde, eigedomsskattearbeit og it.

### **Rekneskap**

Økonomikontoret skal føre rekneskapen etter dei til einkvar tid gjeldande lover, forskrifter og retningsliner. Oppgåva blir difor å halde seg fagleg oppdatert, vere rådgjevar for einingane og kontrollere at rekneskapen blir ført rett og legge fram rekneskap innan dei fristar som gjeld.

### **Budsjett**

Økonomikontoret koordinerer arbeidet med budsjett og budsjettkorrigeringar gjennom året. Oppgåva blir å sjå til at arbeidet blir gjort innan dei fristar som lova og kommunestyret sett for når budsjettet skal handsamast. Budsjettkorrigeringar skal handsamast samtidig med tertialrapportering.

### **Skatteoppkrevjing**

Skatteoppkrevjararbeidet går ut på å føre skatterekneskapet, registrere skatteopplysninga, utbetale og innkrevje skattar, alt etter gjeldande lover og retningsliner. Oppgåver skal gjennomførast innan dei lovpålagde fristane eller innan den tid som Skatteetaten har fastsett.

## **Eigedomsskattearbeid**

Eigedomsskattekontoret skal skrive ut og innkrevje eigedomsskat. I tillegg skal ein sjå til at verk og bruk blir taksert når dette skal gjerast etter dei til einkvar tid gjeldande lover og reglar. Oppgåvene skal gjennomførast innan lovpålagte fristar.

## **It**

It skal drifte, vedlikehalde og hjelpe til ved innføring av nye program og utstyr. Arbeidet er i hovudsak retta mot interne brukarar av ulike fagsystem og support er ein stor del av oppgåvene. Målsettinga til it er at brukarar skal få hjelp så snart det er muleg og yte gode interne tenester. Dette skal vi oppnå med faste fagmøte med einingane ein til to goner i året.

IT- planen skal reviderast og handsamast i 2010.

## **Andre oppgåver**

Økonomikontoret er ein stabsfunksjon som gjennomførar mange ulike oppgåver. Målet er å gjere desse best muleg for å sikre dagleg flyt i arbeidet. Vi er i stor grad avhengig av samarbeid med einingane og kvaliteten på arbeidet er eit resultat av dette samarbeidet.

## **Mål og premissar for pedagogisk rådgjevar (skule- og barnehagefagleg ansvarleg)**

### **Føremål**

- På vegne av rådmannen vere kommunen sin representant som skule- og barnehageeigar.
- Pedagogisk rådgjevar representerar skulefagleg kompetanse over skulenivået.
- Pedagogisk rådgjevar er saksførebuar for sentrale skule- og barnehagesaker.

### **Ansvarsområde**

- Ansvar for rådgjeving og sjølvstendige oppgåver knytt til grunnskulen, inklusiv SFO, og vaksenopplæring, samt kommunen sine interesser vedkomande vidaregåande skule og communal barnehagedrift.
- Pedagogisk rådgjevar har eit særlig utgreiings- og saksbehandlaransvar for m.a. ressursfordeling skule/barnehage/spesialundervisning, klagesaker, kompetanse- og kvalitetsutvikling i skule og barnehage, samt skuleskyss.

Pedagogisk rådgjevar er ein stabsfunksjon og gjennomførar mange ulike oppgåver. Kvalitet på resultat av arbeidet har samanheng med samarbeid med dei 4 einingane Barnebo barnehage, Bergetippen barnehage, Julsundet skule og Riksfjord skule.

### **Mål for pedagogisk rådgiving i 2010**

- God informasjonsflyt gjennom alle nivå - frå eining til politikarar og vice versa
- Innarbeide eit aktivt system i høve til skuleeigar sitt ansvar med å følgje opp at krava i opplæringslova vert oppfylt
- Dialogmøte/tilsyn med skulane
- Tenesteanalyse Aukraskulen
- Følgje opp vedtekne mål/ambisjonar i tenesteanalyse skule for 2009
- Utarbeide felles verksemndsplan for Aukraskulen
- Utarbeide Kommunal plan for spesialundervisning skule
- Ferdigstille kommunedelplan barnehage
- Tilsyn barnehage, kommunale og privat
- Utarbeide tenesteanalyse for Aukrabarnehagen

- Følgje opp brukarundersøking barnehage.

Pedagogisk rådgjevar er barn og unge sin representant i plansaker.

### **Fellestenestene**

I tillegg til stab-/ støttefunksjonane nemnt over har vi administrasjonsavdelinga med arbeidsområde som sentralbord, generell publikumservice, posttenester, stemplingsur, politisk sekretariat, nær- og fjernarkivteneste, superbrukar funksjon på data, fakturering for skole og barnehage, turistinformasjon, utleige av diverse utstyr, og merkantile oppgåver for einingane. Lista er ikkje uttømmande. 2009 har vore prega av vesentleg fråvær av ulike grunnar, og varierande personaldekning på dei ulike oppgåvene.

### **Mål og premissar for administrasjonsavdelinga**

Rådmannen har som mål at ein i 2010 skal få noko fastare struktur, kanskje slik at administrasjonsavdelinga vil framstå meir som eit servicekontor. Heimeside og publikumstenester over data må styrkast, og kanskje bør heile innkomstpartiet ominnreiast. Ein legg såleis opp til eit styrka fagleg nivå, og eit endre fysisk nivå. Budsjettmidlar for 2010 er ei rein vidareføring frå 2009.

### **Aukra Sokn**

I budsjettforslaget er det lagt inn ein auke i ramma til Aukra Sokn på 3 %.

## **Mål og premissar for Aukraskulen 2010 – Julsundet og Riksfjord skole**

Kommunestyret har i 2007 vedteke følgjande 5 utviklingsmål som skal vere retningsgjevande for arbeidet i skulen:

1. Ved gjennomført grunnskule kan elevane uttrykkje seg munnleg, lese, uttrykkje seg skriftleg, kunne rekne og bruke digitale verktøy.
2. Alle elevane skal oppleve tydeleg klasseleiing, utvikling og meistring etter eigne evner og føresetnader.
3. Trivsel, ro og orden.
4. Stimulere elevane si lærerlyst, uthaldenheit og nysgjerrigkeit.
5. Styrke og mot til å gjere eigne valg.

Kommunestyret har 18. juni 2009 vedteke følgjande:

- Andelen av elevane våre som presterer på lågaste nivå på nasjonale prøver, skal vere mindre enn landsgjennomsnittet.
- Andelen av elevane våre som presterer på høgaste nivå på nasjonale prøver, skal vere høgare enn landsgjennomsnittet.
- Eksamenskarakteren i matematikk skal hevast.
- Elevane skal oppleve eit sterkare læringstrykk. Mellomsteg: 3,7  
Ungdomssteg: 3,8 jf tenesteanalysen i skolen.
- Ingen elevar skal verte mobba.

Skulane vil setje inn konkrete tiltak for å nå måla. I tenesteanalyse 2010 vil ein legge fram resultat av arbeidet.

Ein føresetnad for gode resultat i arbeidet er godt samarbeid med føresette, ppt, helsesøster og Rådmannen med sin stab.

## **20 Riksfjord skole**

### **Mål og premissar**

Riksfjord skole har både grunnskole og voksenopplæring som sitt ansvarsområde.  
Budsjettet for grunnskolen, med SFO og voksenopplæring er på **kr 30 955 800**.

Med bakgrunn i budsjettet for 2010 ønskjer vi å gi tilpassa og variert undervisning for elevane våre slik at dei utviklar seg fagleg og sosialt, og at dei opplever styrke og mot til å ta eigne val. Ein god skole krev kompetente og engasjerte lærarar. Vi meiner at vi kan lære mykje av kvarandre, gjere kvarandre gode, gjennom hospitering og gode fagdrøftingar og refleksjonar. Det er viktig at det også finst rom for tilbod om fagleg oppdatering gjennom både etter- og vidareutdanning.

Ein god skole har tilgang på godt og tenleg undervisningsmateriell og utstyr.

Budsjettet skal kunne gi rom for trivselstiltak for elevar og personalet, slik at Riksfjord skole er ein god plass å vere og ein god plass å lære.

Riksfjord skole har mange minoritetsspråklege elevar. Berre dette halvåret har vi fått 7 nye elevar. Ressursar til særskilt norskopplæring er ein føresetnad for at desse elevane skal lukkast fagleg og sosialt i skolen.

## **Med bakgrunn i budsjettet for 2010, har vi som mål:**

- \* at elevane skal trivast i timane, på SFO og i friminutta og at vi får ein mobbefri skole.
- \* at elevane skal ha eit godt læringsmiljø og god klasseleiing. Vi skal bli gode på felles haldningar og felles retningsliner. Ro og orden i timane er eit godt utgangspunkt for læring.
- \* at elevane skal oppleve vurdering for læring gjennom gode tilbakemeldingar og gode målretta elevsamtalar.
- \* fagleg nivåheving. Med utgangspunkt i ambisjonsnivået i tenesteanalysen ønskjer vi å oppnå betre resultat på nasjonale prøver, kartleggingsprøver og eksamen. Vi vil ha som mål å få færre elevar på lågaste nivå og fleire elevar på høgaste nivå enn det vi har hatt fram til nå.
- \* å betre kompetansen vår den gode foreldresamtalen. Ein god skole er avhengig av godt samarbeid mellom skole og heim
- \* å auke IKT-kompetansen på alle trinn. Ein føresetnad vil vere auka tilgang på maskinar, i første omgang på barnetrinnet og 10. årstrinnet, og auka datarettleiarressurs ved skolen.
- \* at Riks fjord skole skal vere ein triveleg og givande arbeidsplass. Vi ønskjer å fokusere på refleksjon og gode drøftingar innad i kollegiet.
- \* at vi gjennom gode dialogar og gode vikarløysingar kan auke nærværet sjølv i ein hektisk kvardag.

Endringar i den økonomiske ramma skuldast endringar i elevtalet og endringar i behovet for spesialpedagogiske ressursar. I tillegg er vaktmeister overført til FDV.

## **21 Julsundet skole**

### **Mål og premissar**

Skolane i Aukra tek mål av seg til å drive ei undervisning som følgjer nye idear for korleis god opplæring skal vere. Vi har eit ønske om at elevane skal vekse, trivst og få utnytta evnene og føresetnadene sine.

Utgangspunktet for ei god tilpassa opplæring hos oss er MiLL-prosjektet som har kome langt i Skien kommune.

MiLL står for: Mange intelligensar, Læringsstrategiar og Læringsstilar.

MiLL-prosjektet går ut på at elevane skal få hjelp til å finne fram til dei sterke sidene sine og utnytte dei. Vidare skal dei bli kjende med ulike lærinsstrategiar og læringsstilar, slik at dei kan finne ut korleis dei lærer best og få hjelp til å jobbe ut frå det.

Eit godt læringsmiljø for elevane fører også til at fleire opplever meistring. Det hever statusen deira både i eigne og andre sine auge, og det igjen vil føre redusert mobbing i skoletida.

### **Psykososialt miljø på skolen**

Dei kommunale måla seier noko om at elevane skal oppleve tydeleg klasseleiing. Det skal vere trivsel, ro og orden i klasserommet, og elevane skal ha mot til å ta eigne val.

Eit mål for 2010 er at:

- andelen av elevar som vert mobba skal vere 0.
- det skal vere ro og orden i alle timer, slik at tilhøva for læring er best mogleg.

### **Arbeidsmiljøet for dei vaksne**

Eit godt arbeidsmiljø for dei vaksne fremjar trivsel og kreativitet. Det er viktig med openheit overfor kvarandre og god plass til spør og humor.

Eit mål i 2010 er at:

- sjukefråveret skal vere rundt 5%

### Premissar

Eit godt budsjett for skolen skal gi rom for ei god og variert undervisning. Variasjon i undervisning betinger eit godt utval av nytt og moderne undervisningsmateriell, slik at elevane kan ta i bruk ulike læringsstrategiar.

Budsjettet vil også gi rom for rimeleg god lærardekking på dei ulike elevgruppene, slik at personalet kjenner at dei får gjere jobben sin slik dei gjerne vil. Det vil også vere høve til kompetanseheving på personalet. Kompetansehevinga skal først og fremst handle om klasseleiing, tilpassa undervisning (MiLL-aktivitetar) og anti-mobbearbeid.

Med god lærardekking håper vi på stort nærvær i personalet.

### Endringar i økonomisk ramme skuldast

Årsaka til at vi treng ei auka økonomisk ramme for neste år er ei auke i behovet for spesialundervisning. I Aukra er det framleis slik at elevar får enkeltvedtak om spesialundervisning ut frå sakkunnig tilråding frå PPT. Når det gjeld ressurstildeling, får dei som hovudregel dei ressursane som PPT meiner at dei skal ha. Dette vil år om anna føre til at ein har behov for meir ressursar.

## **MÅL OG PREMISSAR FOR AUKRABARNEHAGEN**

Barnehagane skal vere pedagogisk verksemder og eit velferdstilbod til småbarnsforeldre i Aukra kommune. Aukra kommune har full barnehagedekning etter nasjonal standard. Det vil seie dei som søker til hovudopptaket, og som har rett til plass. Barnehagane i Aukra skal ha nok plassar tilgjengeleg slik at ein kan tilby barnehageplass innan 2 månader til dei som søker, uavhengig av søknadsdato.

Barnehagane i Aukra skal ha god kvalitet på tenesta.

St.meld. nr. 41 *Kvalitet i barnehagen* vektlegg tre hovudmål :

- sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
- styrke barnehagen som læringsarena
- alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Desse overordna målsetjingane er viktige for innhaldet i Aukrabarnehagen. I 2010 skal ei ny kommunal barnehageplan vedtakast. Den plana vert bygd på nasjonale føringar, og tilpassa dei lokale utfordringane vi har.

### **PEDAGOGISK INNHOLD**

- Barnehagane skal implementere plan for overgang mellom barnehage og skule, slik at ein sikrar ein best mogleg overgang for det einskilde barnet.
- Dei barna som treng det, skal få tidleg hjelp og innsats.

### **PERSONALET**

- Barnehagane i Aukra kommune skal auke nærværet i personalgruppene.
- Barnehagane skal utvikle ei organisasjonsplan med fokus på dei pedagogiske leiarane sitt ansvar som næreste leiar for dei andre medarbeidarane på avdelinga. Stillingsomtalane skal om nødvendig reviderast.
- Aukrabarnehagen skal ha nok, og kompetente medarbeidrarar, slik at vi har ei teneste med god kvalitet.

### **FORELDRESAMARBEID**

- Det skal gjennomførast ei brukarundersøking i barnehagane.
- Foreldra i Aukrabarnehagen skal gjerast meir aktiv med omsyn til innhaldet i barnehagen.

### **INFORMASJON OG DOKUMENTASJON**

- Alle planar, oppdatert informasjon og dokumentasjon skal vere lett tilgjengeleg på barnehagen sine heimesider.
- Alle foreldra skal få tilbod om å få planer og informasjon utsendt på e-post.

## **22 Barnebo Barnehage**

Budsjettert ramme er på kr 4 063 800.

Ramma skal dekkje den daglege drifta av dei 9 avdelingane ved Falkhytten, Furutun, Aukratun og Aukrahallen.

### **Status**

Barnebo barnehage omfattar :

2 storbarsavdelingar à 18 plassar i Aukrahallen – leiger lokale

2 storbarsavdelingar à 18 plassar på Aukratun – leiger lokale

2 småbarnsavdelingar à 18 plassar på Falkhytten  
3 småbarnsavdelingar à 18 plassar på Furutun

Vi har jobba mykje med kvalitet i barnehagen. Budsjettet i 2010 skal gje grunnlag for at det arbeidet kan vidareførast. Den kommunale barnehageplana vil utfordre oss på kompetanse i personalet, pedagogisk innhald og utvikling, og dei fysiske forholda vi har.

### **Kommentarar til dei felles målsetjingane for Aukrabarnehagen med omsyn til drifta av Barnebo**

#### **PEDAGOGISK INNHOLD**

*For å få til dette*, vert det viktig å samarbeide godt med barnevernet, PPT, helsesøster, foreldra og skulen. Vi må jobbe målbevisst og konkret med det pedagogiske innhaldet. Medarbeidarane på Barnebo skal fremme barna sin medverknad, og utvikle barnehagen som læringsarena. Å vere gode samspelspartnarar for barna vert sentralt.

Det vil vi gjere bl.a. med å gjennomføre 2 fokusområde, ha språkgrupper, faste gruppedelingar med nær kontakt til det einskilde barnet, og førskuleklubb kvar veke. Vi skal og ferdigstille, og ta i bruk fagplan for innhaldet i førskuleklubben. Pedagogisk leiargruppe på Barnebo skal ha faste møter kvar 14. dag

#### **PERSONALET**

*For å lukkast må vi* halde kontinuerlig fokus på trivsel, utvikling, medverknad og oppfølging. Nærværsgruppa skal foreslå tiltak for å auke nærværet, og vi skal realisere dei smartaste. Vi skal jobbe for eit godt omdømme slik at vi kan behalde og utvikle dei gode medarbeidarane vi har, og samtidig rekruttere nye kompetente medarbeidrarar. Humor, suksessar og arbeidsglede skal stå sentralt. Einingsleiar skal gjennomføre prosessleiarutdanning i "Langtidsfrisk".

#### **FORELDRESAMARBEID**

*Vi må*, på møter og i kvardagen, bevisst jobbe for tett kontakt mellom foreldra og personalet på avdelinga. Administrasjon vil vere ein aktiv samarbeidspartnar for foreldrerådet, og legge til rette slik at dei får medverke i saker som vedkjem dei som foreldre.

#### **INFORMASJON OG DOKUMENTASJON**

*Det vert viktig* at vi har nok datamaskiner tilgjengelig for personalet, og at dei kan å bruke dei til det formålet som er nødvendig. Vi vil vere aktiv med i prosessen med å revidere IKT plan i Aukra kommune, og vere framtidsretta innafor IKT.

*"Når vindane blæs, kryp nokon i skjul, mens andre dreg ut for å bygge vindmøller"* (kinesisk ordtak)

På Barnebo syns vi det er viktig å ha ei løysningsfokusert tilnærming til utfordringar. I det daglege arbeidet er det det vi vil søkje å halde fokus på.

#### **Endringar i økonomisk ramme skuldast**

I rammeberekinga frå 2009 manglar det ei utgift på kr 480 000,-. Ramme for 2010 vert korrigert for det. Vi vel og å budsjettere med statstilskot tilsvarannde at alle barnehageplassane er fylt. Pr. i dag er situasjon at vi har noko ledig kapasitet. Det er budsjettert med skjønnsmiddel tilskot på kr 2 400 000.

## **23 Bergetippen barnehage**

Budsjettet ramme for eininga er 1 554 700.

### **Status**

Bergetippen barnehage har fire avdelingar, to småbarns og to storbarns. Storbarnsavdelingane held til i paviljongar som vert leigd av Malthus.

**Med utgangspunkt i dei felles målsetjingane for Aukrabarnehagen, vil vi ha dette fokuset i Bergetippen barnehage**

### **PEDAGOGISK INNHOLD**

Vi vil satse på auka kompetanse i personalet til å dokumentere det pedagogiske arbeidet skriftleg og reflektere over eigen praksis i valte ansvarsområde for den enkelte. I løpet av inneverande barnehageår vil personalet også arbeide med valte fokusområde. Bergetippen har sist år aktivt brukt "Fiskesprell". "Fiskesprell" er organisert gjennom "God helse" i Møre og Romsdal fylke, der målet er å inspirere og motivere til auka konsum av sjømat i barnehagar og skolar.

Dette skal vidareførast. Friluftsgruppa har blitt ein suksess og skal utviklast vidare. Barnehagen brukar også "snakkepakken" og har 5-årsklubb. "Snakkepakken" er eit verktøy for språkutvikling for barn i barnehage og skole, basert på kjente område i barn sin kvardag, som mat, kropp, dyr, fargar mm.

### **PERSONALET**

Vi vil fortsette arbeidet med å utvikle ein god kultur for samhandling i personalet gjennom eiga arbeidsgruppe og felles personalmøte, med fokus på ansvarsområde og bygging av identitet i "nye Bergetippen". Alle tilsette skal også involverast i arbeidet med auka nærvær på arbeidsplassen.

### **FORELDRESAMARBEID**

Vi vil ha fokus på foreldrerådet sine oppgåver og rolla som gode samarbeidspartnarar til personalet. Foreldremøta skal m.a. brukast for å få innspel frå foreldra på det pedagogiske arbeidet, og foreldra kan arrangere møte med spesielle tema. Foreldrerådet skal engasjere seg i viktige saker som vedkjem barnehagen, og utbygging av Bergetippen er ei sak der foreldrerådet vil medverke for å få ein funksjonell barnehage for brukarane.

### **INFORMASJON OG DOKUMENTASJON**

Bergetippen barnehage vil vidareutvikle arbeidet med heimesidene for informasjon og dokumentasjon til foreldra og investere i digitale skjermar for å effektivisere bruk av foto som pedagogisk informasjon. Gjennom arbeid med den kommunale barnehageplanen vil eininga vere med i planlegging av korleis ein vidare vil satse på arbeidet med IKT i Aukrabarnehagen.

## **25 Oppvekst og kultur**

Budsjettet ramme for eininga er kr 11 180 700.

### **Målsetting**

Førebyggjande og haldningsskapande arbeid skal vere eit overordna satsingsfelt for å vidareutvikle eininga og det tverrfaglege arbeidet. Gjennom utadretta arbeid skal dette gjerast ved å fremme dei gode kulturopplevingane og fokusere på verdiane i lokalsamfunnet. Vi skal arbeide for at Aukra innan utgangen av 2010 får vedtatt ei eiga Kulturplan.

### **Idrett / Friluftsliv / Kultur**

Være pådrivar for å realisere tiltak i handlingsplana som tilhører Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Tilrettelegging for nye og opprusting av turstiar og friluftsområde vil vere ei prioritert oppgåve i 2010. Satsinga skal ha fokus på å kombinere friluftsliv og kulturminne. Arbeide for å legge til rette for gode levekår for alle frivillige lag og organisasjonar og vere ein aktiv bidragsytar og samarbeidspartner.

### **Ungdomsarbeid**

Arbeide aktivt og være synleg på ungdommen sine arenaer. Gjennom MOT-arbeidet rette innsatsen mot ungdom og deira støttespelarar i skolen, heimen og fritida. Ungdom skal sjølv være viktige pådrivarar i tiltaka, der deltaking, medverking og meistring er fellesnemnar. Her skal ungdomsrådet ha ei aktiv rolle. Vi skal etablere MOT på ungdommen sine fritidsarenaer, i samarbeid med dei frivillige organisasjonane. Kommunen skal ha eit aktivt og velfungerande MOT team.

### **God helse**

Sikre at satsingsområda innafor God Helse - programmet blir synleggjort for barn og unge, vaksne og eldre. Vere ein sentral bidragsytar i næversarbeidet i kommunen og vidareutvikle Aktiv På Dagtid–tilbodet. Påverke til langsigktig og heilskapleg satsing på folkehelsetiltak i kommunale planar. Med fokus på verdiane i lokalsamfunnet, skal folkehelsearbeidet forankrast i ei verkelegheit som er konkret for den enkelte innbyggjar og dei enkelte miljøa. Folkehelsearbeidet skal utviklast ut frå dei positive mulighetene som finns i Aukra.

### **Barneverntenesta**

Arbeide for at barneverntenesta i Aukra leverer ei god teneste til sine brukarar. Dette gjennom å organisere eit tettare samarbeid med andre tenester i kommunen. Vi skal bygge opp ei robust teneste med ressursar til å drive førebyggande arbeid inn mot familiar, barn og unge, samt ressursorientert tiltaksarbeid retta mot enkeltindivid. Barn med særlig behov skal få rett hjelp til rett tid.

### **Flyktningområdet**

Arbeide aktivt for å iverksette politisk vedtak om å ta imot og busette flyktningar i Aukra. Bidra til utvikling av ein bustadsosial strategi, som omhandlar flyktningområdet. Jobbe for integrering i Aukra samfunnet gjennom nettverksfremmande aktivitetar, familie og helserelaterte aktivitetar, samt tverrfagleg samarbeid og samhandling.

### **Aukra kulturskole**

Vere kunstnarisk og kulturpedagogisk kompetansesenter i kommunen. Gje frivillig opplæring til kommunens innbyggjarar og serve frivillige lag og organisasjonar. Samarbeide med barnehagar, skolar, eldreomsorg og helse. Samarbeide med kulturarbeidar og Aukra Folkebibliotek for å skape eit offentleg ope og aktivt kulturliv i tett samarbeid med frivillige.

## **Aukra folkebibliotek**

Vere deltakar i kulturlivet gjennom aktiv formidling og utadretta verksemd. Arbeide for å vidareutvikle biblioteket som møteplass i lokalsamfunnet, jf. St.meld. nr. 23 (2008-2009). Ta vare på og formidle lokalhistorie gjennom samarbeid med aktørane på dette feltet. Vere vegvisar i informasjonssamfunnet og ha kompetanse innan bruk av digitale verktøy. Auke leselysta til barn og unge gjennom godt samarbeid med barnehage og skole.

## **Endringar i økonomiske ramme skuldast**

Oppvekst og Kultur får auka utgifter innanfor barnevern 1. halvår 2010 knytt til enkeltvedtak. Ramma er auka med kr. 825 646,-.

Administrasjon av fondet som er øyremerka rusførebyggande ungdomsarbeid (ølfondet) vert overført til eininga.

## **30 Pleie og Omsorg**

### **Mål og premissar**

Pleie og omsorgstenesta i Aukra kommune skal arbeide for at brukarane opplever å ha eit trygt, verdig og sjølvstendig liv, og at dei får likeverdige og individuelle tilpassa tenester. Vi skal arbeide for at den enkelte sine ressursar vert ivaretake og gje hjelp til sjølvhjelp.

Budsjettet for 2010 skal gjere oss i stand til å vidareføre tenesteproduksjonen på same nivå som i dag.

### **Omsorgstenestene omfattar**

Aukraheimen med 44 sjukeheims plassar, dagopphald for heimebuande og kjøkken kantine.

Heimetenensta med teneste til ca 100 brukarar

Bergtun bufellesskap med 8 bebuarar

Avlastingsbustad for barn og unge

Teletun dagtilbod/produksjon for funksjonshemma

Trygheitsalarmar

**Omsorgsplana** blir lagt fram for vedtak i kommunestyret desember 2009, og tiltaka i plana blir førande i tenesteproduksjonen. Førebygging, rehabilitering og aktivisering skal ha fokus i alt omsorgsarbeid.

Det blir sett av midlar i budsjettet slik at vi kan starte arbeidet med ideutkast for ombygging av Aukraheimen og planlegging av vidare utbygging av Bergtun området til omsorgsbasar med heildøgns omsorg.

Ved Bergtun er det sett av midlar til ny avlastingsbustad.

I arealplanarbeidet må det settast av sentrale areal for omsorgsbaser i Julsundet og bufellesskap for eldre på Gossen.

### **Organisatoriske endringar**

**Vakmestertenesta** blir samla ved FDV. Det er viktig at store bygg, som Aukraheimen, har faste personar og faste tider med vakmestertenester.

**Teletun Dagsenter for psykiatri** blir overført til Helse. Vi ser det som naturleg at dagsentertilbodet blir samordna med tilbodet frå psykiatrisk sjukepleiar.

## **Avlastingsbustaden**

Drifta av avlastingsbustaden blir overført frå Helse til Pleie og omsorg. Drifta blir då innlemma i samarbeid med Bergtun, personale, turnus og drifta forøvrig. Tildeling av tenesta avlasting og saksbehandlinga blir lagt til sosialtenesta/NAV. Tildeling av avlastningstiltak må sjåast i samanheng med støttekontakt, og derfor ha felles saksbehandling. Vi får då ein "bestiller utfører modell".

Det vil bli arbeidd vidare for å oppnå ei best mogleg samordninga av tenesteytinga innan einingane Helse, Pleie og omsorg, og NAV.

Prosjektet om avlasting og støttekontakt-tenesta blir vidareført, og rapport blir lagt fram innan 31.12.10.

## **Målsettingar**

Pleie og omsorg skal arbeide for at

- det blir lagt til rette slik at brukaren skal få bu i eigen bustad så lenge det er muleg
- brukaren skal få behandle søknad om heimesjukepleie innan 5 dagar.
- omsorgspersonen skal få tilbod om tilpassa avlastningstiltak etter søknad
- søknad om praktisk bistand i heimen skal bli behandla innan 14 dagar
- brukaren skal ved akutt behov få tilbod om sjukeheims plass innan 2 dagar
- brukaren skal få vurdert søknad om plass i sjukeheim innan 14 dagar.

Personalalet som arbeider i pleie og omsorg:

- skal kjenne seg verdsett
- skal delta aktivt i planlegging og utøving av tenesta
- skal oppleve at HMS arbeid er viktig – vernerunde skal avviklast ved alle avdelingane.
- skal få høve til vidareutdanning etter søknad, i tråd med aktuelle behov omsorgsplana
- skal kunne bruke it-fagsystema som er tilgjengeleg og nødvendige i arbeidet
- skal oppleve at rekruttering vert sett fokus på
- skal oppleve at arbeidsgivar arbeider med førebygging og tek tak når arbeidstakar står i fare for å bli sjukemeldt
- sjukemelde skal følgjast opp, og tilrettelegging skal vurderast, slik at den sjuke snarast mogleg kan komme tilbake i arbeid.
- fråværet skal vere på maksimum 7 %

Kompetansehevings- og rekrutteringsplan skal utarbeidas og leggast fram til politisk vedtak i 2010. Plana må vere i tråd med omsorgsplana og tilbod om kompetanseutvikling og vidareutdanning må vere målretta i høve Omsorgsplana.

Omsorgsplana skal gje føringer for planlegging av investeringsbudsjett og økonomiplan frå 2011.

## **Endringar i økonomiske rammer skuldast**

- Lønsauke og 2,5 % auke i driftsutgifter. Lønsmidlar til 25 % sekretærstilling.
- Organisatoriske endringar; Avlastingsbustaden er lagt til PLO, Psykiatrisk dagsenter er lagt til Helse og vaktmeistertenesta er lagt til FDV

## **40 Helse**

### **Mål og premissar**

Befolkinga skal ha god tilgang på tenester som skal gis på ein forsvarleg og effektiv måte. Råd og tenester skal ha høg kvalitet tilpassa brukarane sine behov. Arbeidet skal vere tufta på verdiene fagleg solid, etterrettelig, nyskapande, open og respektfull.

Kommunen skal legge vekt på god samhandling med annan helseteneste for å sikre best mogleg kvalitet og nivå på tenesta til den enkelte pasient. Råd om førebyggjande tiltak skal gis for å hindre at sjukdom og funksjonstap oppstår.

Beredskap skal vere god og dimensjonert etter risiko og sårbarheitsanalysar slik det går fram av plan for beredskap for helse og sosialtenesta.

Kommunen skal ha oppdaterte planer for helse og sosialberedskap, smittevern, pandemi og infeksjonskontroll.

Turnuslegar og legestudentar skal få opplæring i allmenn- og samfunnsmedisin.

Ved behov for psykososial teneste skal tilpassa hjelp gis av lege, psykiatrisk sjukepleiar eller kommunalt kriseteam. Alle som har behov for individuelle planar skal få det ut i frå faglege vurderingar. Det skal vere tilbod til pasientar som treng aktivisering ved dagsenter som er samlokalisert med dagsenter for Bergtun.

Miljøretta helsevern skal ha fokus på faktorar i miljøet som til einkvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. I 2010 skal ein ha som mål å få gjennomført radonmålingar i alle kommunale bygg og at private som ynskjer å få gjort målingar får tilbod om det.

Helsestasjon skal ha som mål at alle barn og unge vert fullvaksinert og at alle som har behov for oppfølging av jordmor får eit tilbod om det.

Fysioterapi tenesta skal forutan terapi og behandling saman med ergoterapeut, gje eit tilfredstillande tilbod til dei som har behov for rehabilitering og hjelpemidlar. Det skal bli utarbeidd ein eigen plan for rehabilitering.

Kommunen er ansvarleg for at drift og vedlikehald av ambulansebåten dr. Riiber fylgjer kravspesifikasjonen frå helse Midt-Norge. Aukra kommune har fått tilbod om vidare drift dei neste 10 åra. Det står igjen sluttforhandlingar om drifta for både dr. Riiber og Øyvind. Vi har derfor ikkje sikre driftstal for 2010. Det kan bli nødvendig med korrigeringar i driftsbudsjettet ved første tertial 2010.

Dagsenter for psykiatri er planlagt flyttast over til midlertidig ny brakke saman med dagsenter for Bergtun.

### **Endringar i økonomisk ramme skuldast**

- Avlastningsbustaden vert i 2010 administrert frå Bergtun og støttekontakt og avlastningstiltak vert administrert frå NAV.
- Sosialtenesta vert ført over til NAV.
- Dagsenter for psykiatri er overført til Helse.
- Ny berekning av driftsutgiftar for ambulansebåttenesta er usikre fordi det ikkje ligg føre endeleg avtale med Helseforetaket.

## **50 NAV**

### **Mål og premissar for NAV Aukra 2010**

Aukra kommune og NAV Møre og Romsdal skal som likeverdige samarbeidspartnarar aktivt medverke til å etablere eit velfungerande arbeids- og velferdskontor som står fram som ein einskap for brukarane. NAV Aukra opnar for brukarane 26. november 2009.

Ut over kommunens ansvar for økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester, råd og rettleiing og arbeidet med individuelle planer, skal kontoret dekke følgjande tenester som tidligare har lagt til sosialkontoret i Aukra kommune (jf Lov om sosiale tenester):

- Sosialadministrasjonen i kommunen.
- Sosialtenesta sine generelle oppgåver.
- Sosiale tenester.
- Økonomisk stønad.
- Særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar.
- Husbanken sine låne- og tilskotsordningar (Jf. Finansreglementet).

NAV Aukra skal levere tenester som bygger opp under hovudmåla til NAV:

- Arbeide for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad.
- Levere tenester som opplevast enklare og tilpassa brukaren sine behov.
- Medverke til å utvikle ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

I tillegg er ein einig i å legge følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:

- Utvikle gode samarbeidsformer med andre kommunale og statlege tenester.
- Utvikle gode samarbeidsrelasjonar med eksterne tenesteleverandørar og institusjonar.
- Brukarane skal i kontakt med kontoret oppleve å bli tatt på alvor, møtt med respekt og møte kompetente og løysingsorienterte medarbeidrarar.
- Arbeidsmiljøet skal vere inkluderande, prega av openheit, respekt for kvarandre og bruk av den enkeltes kompetanse.

Kommunale verdiar som rettstryggleik, rettferd og likskap skal danne grunnlaget for ei forsvarleg tildeling av dei sosiale tenestene. Tenestetilbodet skal ivareta rettstryggleiken til den enkelte, og gjere at den enkelte får det den har krav på. Sosiale tenester vert tildelt etter ei individuell skjønnsmessig vurdering utifrå behovet, der dei ressursane kommunen rår over til ein kvar tid er med på å sette rammene for tildelinga.

Ei av hovudoppgåvene til NAV Aukra i 2010 er innføring av Kvalifiseringsprogrammet. Dette er ei ordning som blei oppretta i november 2007 med tilhøyrande stønad for personar med vesentlig nedsett arbeids- og inntektsevne og med ingen eller svært avgrensa ytingar i folketrygda. Dette er forankra i Lov om sosiale tenester, kap 5A og forvaltninga av ordninga er lagd til det lokale NAV-kontoret.

Kvalifiseringsprogrammet er ein del av regjeringa si satsing for å motverke fattigdom. Målet med programmet er å forsterke innsatsen overfor personar som er eller kan bli avhengige av sosialstønad over lengre tid. Det skal bidra til at fleire i målgruppa kvalifiserar seg til og kjem ut i arbeid og aktivitet gjennom tettare og meir forpliktande bistand og oppfølging.

Ordninga med kvalifiseringsprogram medfører meirkostnader for kommunen, men dette vert dels kompensert gjennom øyemerka tilskot og refusjon av individstønad.

### **Endringar i økonomisk ramme skuldast:**

Utgiftene til avlastningstiltak, internatophald og kjøp av eksterne tenestar har auka betydeleg. Dette er basert på enkeltvedtak for dei enkelte brukarane. Fleire har behov for meir omfattande tiltak både når det gjeld kommunale tiltak men også eksterne tenester.

## **60 Plan, utvikling og samfunn**

### **Mål og Premissar**

Budsjettert ramme er på kr 2.334.800

Aktivitetsnivået er høgt på mange område i Aukra-samfunnet, og dette inneber at kommunen må ha ein svært aktiv rolle når det gjeld å planlegge og utforme lokalsamfunnet. Mykje av dette arbeidet fell på planavdelinga. Det er serleg det overordna planarbeidet (kommuneplana) som vil har prioritet.

Det er eit mål å halde korte tider på sakshandsaminga vår. Dette byr på utfordringar når saksmengdene er så store som dei er no på avdelinga.

### **Kommuneplan**

Utfordringa for den langsiktige planlegginga i 2010 er knytt til kommuneplana sin samfunnsdel. Målet er at samfunnsdelen skal verte klar til politisk slutthandsaming i løpet av vår 2010. I denne perioden vert det også starta opp rullering av kommune plana sin arealdel.

Det vert eit mål at dette arbeidet skal engasjere både politikarar og innbyggjarar elles. Det å få til ein aktiv medverknad vil vere av stor betydning både for prosess og resultat.

Arbeidet med Energi, miljø og klimaplana vert også slutført i 2010.

### **Reguleringsplan arbeid**

Det er stort initiativ frå dei private knytt til regulering samt at kommunen sjølv har mange reguleringsplanar under arbeid. Det er stadfestat nytt kommunalt bustadfelt i sentrum. Utfordringa framover dei neste åra er å få til tilsvarende område også i Julsundet.

Det er ulike prosjekter som vil ha fokus i 2010. Blant anna går dette på utvikling av sentrumsområda både på Gossen og Julsundet.

### **Byggesak**

Det har i 2009 vore særleg stor byggeaktivitet i Aukra. Dette er dei høge inntektene eit synleg teikn på. Vi forventar også høg aktivitet i 2010. Det er difor budsjettert med ein stor auke på inntektene.

Stortinget har vedteke ny bygningslov og matrikkellov som er gjort gjeldande frå 2010. I løpet av 2010 skal vi dessutan starte prosjektet med skanning av bygningsarkivet. Det er med andre ord store utfordringar i vente.

Bemanningssituasjonen på avdelinga er knapp sett i forhold til saksmengda, til ønsket om rask sakshandsamingstid og til servicekvaliteten. Det var i budsjettet for 2009 gitt rom for auka stillingsressurs. Ved gjennomgang av vedtatte stillingsheimlar kan rådmannen ikkje sjå at det er formelt oppretta slik stillingsressurs, og desse midlane er difor teke vekk i budsjettforslaget for

2010. Det vil bli føretatt ein samla gjennomgang av oppgåver og bemanning i eininga så snart som mogleg, og rådmannen vil difor kome attende til bemanningsspørsmålet i eiga sak seinare.

### **Oppmåling**

Oppmålinga har no fast 90 % stillingsressurs. I tillegg til dei faste oppgåvene, vert det tatt inn ei oppgåve med ajourføring av leidningskartverket.

I tillegg til oppgåvene heimla i Matrikkellova, er det også mykje publikumshenvendingar som ligg til avdelinga. Dette som ei følgje av at tinglysing i fast eigedom er flytta til Hønefoss. Av andre oppgåver er det diverse kartarbeid samt utstikkingar som ledd i oppgåver avdelinga elles har.

Avdelinga er framleis avhengig av noko konsulenttenester. Desse utgiftene vert for det meste dekka av gebyrinntektene.

### **Landbruk**

Samarbeidet med Fræna kommune om kjøp av tenester tilsvarande 50 % av ei heil stilling på landbrukstenester fungerer godt. Innbyggjarane er nøgd med den gode kompetansen dei har. Vi har 10% stillingsressurs sjølv på landbrukstenester. Dette går i hovudsak på viltforvaltninga.

### **Næring**

Næringsretta arbeid vil vere forvalting av det kommunale næringsfondet og kontakt mot Aukra næringsforum og enkeltbedrifter. Elles oppstår det saker i skjeringspunktet mellom næring og plan der ønske om rask planlegging er ein gjengangar. Sakene er gjerne politisk aktuelle og økonomisk viktige.

Det er oppretta eit nytt næringsfond i kommunen. Vedtekten for dette kjem snart opp som eiga sak i Kommunestyret. Sakshandsaming knytt til næringsakar blir førebels verande på avdelinga. Når stillinga som medarbeidar innan gass/næring blir besett vil saksbehandlingsansvaret kunne bli flytta.

## **62 og 65 Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)**

### **Mål og premissar**

Budsjettet ramme for ansvar 62 er på kr 10 061 800.

### **Endringar i økonomisk ramme skuldast**

Endringar i høve til førre budsjettår gjeld i hovudsak organisatoriske endringar.

1. Alle vaktmeisteroppgåvene frå 1. januar 2010 vert flytta til FDV. Dvs stillingsheimlar med lønsmidlar for 2.2 stillingar.
  - 100 % stilling frå Riks fjord Skole
  - 50 % stilling frå Julsundet Skole
  - 20 % + 50 % frå Aukraheimen
2. Ved første tertial var ansvarsområdet byggesak flytta over frå FDV til PUS.  
Stillingsheimlar med lønsmidlar for 2 stillingar.
3. 40 % stillingsheimel Fagkonsulent miljø/drift vert flytta over frå FDV til PUS frå 01.01.2010.

I budsjettet for 2009 vart auken i satsinga på vedlikehald av bygg, flytta frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet. Dette med bakgrunnen i at rekneskapsforskriftene må

forståast slik at vedlikehaldsmidlar ikkje skal budsjetterast som investering. Dette er vidareført for 2010.

Ramma skal dekke aktivitetar innan VAR- området, vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, kommunal samferdsel, forvaltningsoppgåver etter lov (Eks, forureiningslov og veglov m.v.), brannvern samt gjennomføring av investeringsprosjekt innafor bygg og anlegg.

### **Målsetting**

Målsettinga for forvaltning, drift og vedlikehald er å skape så godt resultat som mogeleg innafor den ramma som blir tildelt. Dette søker vi å oppnå gjennom å ha engasjerte medarbeidarar som trivst godt på jobb. Kontaktpunkta mot publikum er mange og avdelinga arbeider kontinuerlig med å bli betre i vår kontakt med dei vi gir tenester til.

### **Nokre måltal**

#### **Ref. kostra 2009**

Årsgebyr vannforsyning i **Aukra 2.194,-**

Gjennomsnitt i fylket 2.571,-

Gjennomsnitt i landet 2.515,-

Årsgebyr avløpstenesta i **Aukra 1.765,-**

Gjennomsnitt i fylket 2.133,-

Gjennomsnitt i landet 2.923,-

Årsgebyr renovasjonstenesta i **Aukra 2.430,-**

Gjennomsnitt i fylket 2.229,-

Gjennomsnitt i landet 2.157,-

Tal på kommunalt disponerte bustader pr 1000 innbyggjar i **Aukra er 12**, gjennomsnitt i fylket er 19, gjennomsnitt i landet er 19.

Driftsutgift pr km veg i Aukra 156.714,-

Gjennomsnitt i fylket 89.409,-

Gjennomsnitt i landet 92.360,-

Lengde kommunale vegar pr 1000 innbyggjar i **Aukra er 13,2**

Gjennomsnitt i fylket 11,1

Gjennomsnitt i landet 8,9

Lengde kommunale gang- og sykkelvegar, turstiar m.v. med kommunalt driftsansvar pr 1000 innbyggjar i **Aukra er 113** / Gjennomsnitt i fylket 27 / Gjennomsnitt i landet 33.

Bakgrunnen for at Aukra kjem høgt ut i driftskostnad har nok samanheng med større veglengde, men beløpet er ca 13 % for høgt på grunn av at kostnader for prosjektet Setervegen er ført på vedlikehald.

### **Statistikk**

Sum avbrot i forsyninga i timer. pr. år/innbyggjarar 0,7

Tal på lekkasjar på nettet, tal pr km 0,06

Berekna ikkje bokført vann, lekkasje + usikkerheit = 23 %.

Tal på bebuarar tilknytta vatn med god hygienisk vasskvalitet tilnærma 100 %.

## **Om drifta**

FDV-avdelinga skal i 2010 på driftssida spesielt arbeide med:

- sette i drift ny vaktmeisterordning med systematisert drift og vedlikehald
- sikker produksjon og leveranse av vatn er ei svært viktig oppgåve innafor FDV. Det er no satt i drift av UV anlegg og det nye driftselementet skal implementerast i driftskontrollen og i den dagleg drift i året som kjem.
- utbygginga av vassforsyninga til reservekraftanlegget i 2010, er ei stor oppgåve som og omfattar endringar for drifta av vassreinseanlegget. Ombyggingar skal kunne skje mens anlegget produserer.
- auka innsats på vedlikehald av bygg.
- vi har mange byggeprosjekt på ulike trinn i plan- og byggeprosess.

## **Vassavgift**

Det er lagt til grunn ei auke i vassavgift på 2 % for 2010.

Utgiftene vil auke enda noko i åra som kjem og vi bør derfor ha eit rimeleg fond for å utjamne over år. Anslag på inntekter innafor vatn er framleis vanskeleg å berekne nøyaktig pga dei store endringane vi har hatt dei seinare år. Balanse i avgiftsrekneskapen må sjåast over 4 -5 år for å motverke variasjonar i det enkelte år.

## **Avgiftsgrunnlag 2010 – vatn**

6230,6231 og 6232	Utgift	Inntekt
Avskrivningar	810.000	
Kalkulatoriske renter	613.900	
Driftsutgifter	5.237.607	
<b>Avgiftsgrunnlag</b>	<b>6.661.507</b>	
Tilknytingsgebyr		300.000
Årsgebyr		6.311.507
Avgiftspliktig sal		50.000
Fond		
	<b>6.661.507</b>	<b>6.661.507</b>

## **Avløpsavgift**

For å gi inntekter i samsvar med budsjettmessig avgiftsgrunnlag for avløp, måtte gebyrinntektene auke med 100 % for 2010. Eksempelvis ved at årsavgifta for avløp blir dobla. Avgifta vil da bli over gjennomsnittet for landet. (*Gjennomsnitt i landet er i 2009 kr 2.923,- / avgifta i Aukra vil da bli ca 3.530,-*)

I budsjettet for 2009 er det føresett bruk av 1. mill.kr av fond og avgiftsauke var slik unngått. No er det ikkje fondsmidlar igjen og det må gjerast grep for å få betre samsvar mellom gebyrgrunnlag og gebyrinntekt. Årsgebyr for avløpstestenesta var i 2009 i Aukra 1.765,- / Gjennomsnitt i fylket 2.133,- / Gjennomsnitt i landet 2.923,-.

I denne samanheng vises det til eige saksframlegg om avgiftsgrunnlaget for VA, der det skal vurderast korleis avskrivningar og kalkulatoriske renter skal takast med i avgiftsgrunnlaget. Jf avgiftsgrunnlaget utgjer avskrivningar og kalkulatoriske renter ca 2 mill. kr årleg medan drifta elles er ca 2,9 mill. kr.

I budsjettforslaget er gebyrinntekta sett lik budsjettmessig gebyrgrunnlag for avløp. Dvs noko som føresett er dobling av avgifta. Det må takast stilling til korleis ei endring skal

gjennomførast. Ei opptrappingsplan kombinert med korleis avskrivingar og kalkulatoriske renter skal takast med i avgiftsgrunnlaget?

Tabellane under vil vere grunnlag for avgiftsbereking for 2010.

### Avgiftsgrunnlag 2010 – avløp

6240, 6241	Utgift	Inntekt
Avskriving	770.000	
Kalkulatoriske renter	1.206.763	
Driftsutgifter *	2.908.063	
<b>Avgiftsgrunnlag</b>	<b>4.884.826</b>	
Tilknytingsgebyr		350.000
Årsgebyr		4.534.826
Fond		
<b>Inntekter</b>	<b>4.884.826</b>	<b>4.884.826</b>

- Tømming av kommunale slamavskillere utgjer 497.000 kr. Reinsing av avløpsvatn er kome langt i Aukra. I året som kjem vil vi søke å optimalisere tømmefrekvensen for om mogeleg å spare noko her.

Det er i forslag til investeringsbudsjettet for VA teke inn noko investering i nyanlegg. Dette er spesielt viktig fordi det i driftsbudsjettet ikkje er lagt inn vesentleg midlar til korkje nyanlegg eller materiale til vedlikehald.

### Renovasjonen

Renovasjonsavgifta er lagt inn med ei auke på 18 %. Dette er i samsvar med RIR sitt forslag til representantskapet i skrivande stund. (*Auken skal først handsamast av representantskapet i RIR.*)

Renovasjonsordninga var overteke av RIR i 2006. Kommunen har nesten ingen aktivitet innafor Rothaugen lenger. Berre drift av historisk fyllingsareal med drift av drenssystem og kontroll av desse. Det er noe mindre utleige av areal. Det vil seie at vi ikkje har inntekter framover, men vi har ansvaret for drift av dei gamle fyllingane. Vi har for 2010 skjert ned kommunen sine eigne utgifter til anlegget. Kostnadsauken i den interkommunale ordninga var stor for 2009 og er foreslått med stor auke også i år. For å unngå ytterlegare avgiftsauke søker vi å unngå utgifter til eige anlegg så langt det går.

Avgiftsrekneskapen er sett opp i balanse.

Tabellane under vil vere grunnlag for bereking av slam- og renovasjonsavgift for 2010.

## Avgiftsgrunnlag 2010 – renovasjon

6250, 6251 og 6252	Utgift	Inntekt
Avskrivningar	0	
Kalkulatoriske renter	0	
Driftsutgifter	3.500.000	
<b>Avgiftsgrunnlag</b>	<b>3.500.000</b>	
Sal av tenester		0
Årsgebyr		3.500.000
Fond		0
<b>Inntekter</b>		<b>3.500.000</b>
<b>Balanse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Avgiftsgrunnlag 2010 – slam

Det er budsjettet med 10 % avgiftsauke for slam, jf signal frå RIR.


6240 funksjon 354	Utgift	Inntekt
Driftsutgifter	340000	
<b>Avgiftsgrunnlag</b>	<b>340.000,-</b>	
Årsgebyr		340.000
<b>Inntekter</b>		<b>340.000</b>
<b>Balanse</b>	-	-

## Om VAR området generelt.

Tabellen og omtalen av VAR området er teke frå SSB/kostra.

Tendensen til fallande dekningsgrad er ein generell trend jf denne tabellen frå SSB for heile landet, basert på kostratal.

### Finansiell dekningsgrad for vann, avløps- og avfalls-sektoren. 2004-2008. Prosent



## **Driftskostnadene aukar meir enn gebyra**

Gjennomsnittet for de årlige kommunale gebyra knyttta til bustader økte frå 2008 til 2009. Årsavgifta for vann økte mest, med 9 prosent, mens tilsvarande gebyr for avløp økte med 7 prosent. Årsavgiftene for renovasjon og feiing økte begge med 6 prosent.

### **Drift av veg**

Det var i budsjettet for 2009 lagt opp til i nokon grad å ta igjen etterslep av vedlikehald. (Revisjonsrapporten kan ein sjå under jnr. 06/826).

Det er i driftsbudsjettet ikkje funne plass til reasfaltering på delar av kommunevegnettet.

Vintervedlikehaldet var ute på anbodsrunde i 2008 og er gjeldande for eit år til. Vi har hatt ei markant auke i vinterutgiftene seinare år.

Varierande snøfall frå år til år gir lite sikre tal for dette ansvarsområdet.

Det er lagt inn et mindre beløp til auka innsats på trafikksikring. (Merking/siktrydding)

Dersom tiltak ut over drift av veg skal skje, må dette prioriterast i investeringsbudsjettet (asfaltering, reasfaltering og veglys).

### **Kommunal bygningsmasse**

Vedlikehaldsrapporten for kommunale bygg har kommunestyret hatt oppe som eige sak i 2006. (*Vedlikehaldsrapporten kan ein sjå under jnr. 06/826. Denne viste eit etterslep på 16 mill.2006 kr.*) Rapporten viste at middels nivå vil krevje eit årleg driftsbudsjett på ca 4 mill.kr og at etterslepet må takast i tillegg

### **Utbygging av bustadområde**

Det er framleis byggeklare tomter ledige på Aukrasanden, Nerbøberg og Solem. I Falkhytten sentrum er det ingen ledig. Her hastar det med å få til byggeklare tomter. På fastlandsdelen er det mange ledige tomter i Hollingen II og i felta med konsentrert busetnad. Kommunale tomter er det ikkje.

Det er forslag i investeringsbudsjettet lagt opp til ei utbygging av bustadomter i Falkhytten sentrum. Reguleringsprosessen for bustadareal er ikkje kome tilstrekkeleg langt i Julsundet.

### **Drift av vedlikehaldsavdelinga**

For driftsavdelinga og utrykkingsavdelinga for brann er det viktig å få til ei løysing med betre lokale for verksemda. Vi går no inn i 5 året med svært mangelfulle tilhøve spesielt med tanke på HMS og arbeidsmiljø. Teltet er vanskeleg å halde tilstrekkeleg varmt og tørt. Det er strenge hygieniske krav til skilje mellom vatn og avløp både for gardrobeanlegg og kjøretøy. Vi klarer ikkje å etterkomme dette med dei midlertidige anlegga vi har i dag. Det er derfor viktig at vi no unngår fleire utsettingar og får bygd ut Teletun, slik det var vedteke i 2009 budsjettet.

## **65 Brannvern**

Fagansvar brann i eit eige ansvarsområde under FDV med eigen brannsjef.

Budsjettet ramme er på kr 2 927 800 ( 2009 kr. 2.916.017,-)

Det er ikkje foreslått auke i feieavgifta for budsjettåret 2010. Organisering av feiinga er under vurdering og endring kan bli presentert som forslag i 2010.

Budsjettet føresett delfinansiering frå samarbeidet med anlegget på Nyhamna.(Shell). Det er pr. dato ikkje avtalt vidareføring av samarbeidsavtalen med Shell. Bidraget frå Shell er avgjerande for at vi skal kunne oppretthalde ein vaktstyrke på 4 mann også i 2010. (Bidraget i 2009 var på kr. 384.000,-.)

## **Oppsummering Drift**

Driftsnivået i dette forslaget til budsjett er noko meir moderat enn dei siste åra, men det ligg framleis høgt. Det er jobba godt i budsjettprosessen og vi har komme langt arbeidet med å fastsette rett ramme. Til tross for dette, må det arbeidast vidare med å vurdere nivået på tenestene. I dette arbeidet blir det viktig å vurdere om vi kan gjere arbeidsoppgåvene våre på ein måte som gjer at vi får meir teneste ut av den økonomiske innsatsen som blir sett inn.

## Økonomiplan drift 2010 - 2013

I tabellen på neste side blir forslag til driftsbudsjetten i økonomiplanperioden vist. Under er ein tekstleg forklaring på dei premissane som ligg til grunn for tabellen.

### Inntekter

- Det er lagt inn ein inntektsvekst på 2 % i 2011 og framover på skatte- og rammeinntekter.
- Andre statlege overføringer slik dei er budsjettet blir redusert noko
- Nedgang i eventuelle eigedomsskatteinntekter grunna eigedomsskatt innanfor grunnline, er ikkje tatt inn då det ikkje er vedtatt endå.
- Ny taksering av verk og bruk i 2013. Kan auke eigedomsskatteinntektene med ca 5 % (2013)
- Muleg småkommunetillegg i 2011, avhengig av folketal og skatteinngang

### Utgifter

- Det er lagt inn ein generell vekst i kostnadene med 2,5 % i økonomiplanperioden.
- Seniorpolitiske tiltak er vedtatt berre for 2009 og 2010.
- OKU blir redusert i 2011 med kr 800 000 grunna einskiltvedtak i barnevernet
- Valutgifter ligg inne i 2011 og 2013.
- Konsulent til å digitalisere byggesaksarkivet gjeld berre 2010, så ramma til PUS blir endra frå 2011, men med usikkert beløp.
- Renteutgiftene blir justert ned kvart år pga redusert restgjeld.
- Avdrag ligg fast, då ingen lån blir innfridd i perioden.

# Økonomiplan drift 2010 – 2013 - Budsjettkjema 1 A og B

Tala er i heile 1000 kroner	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2009 korr	Reknek 2008
Skatt på inntekt og formue	-80 100	-81 702	-83 336	-85 003	-94 100	-96 480
Ordinært rammetilskot	-51 000	-52 020	-53 060	-54 122	-43 000	-21 326
Skatt på eigedom	-137 300	-137 300	-137 300	-144 165	-132 000	-132 992
Andre statlege overføringer	-223	-223	-223	-223	-288	-288
Momskompensasjon investering	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-4 000	-4 194
Øyremerka tilskot særskilte brukarar						-3 083
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>-273 623</b>	<b>-276 245</b>	<b>-278 919</b>	<b>-288 512</b>	<b>-273 388</b>	<b>-258 363</b>
Renteinntekter og utbytte	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	-4 000	-6 053
Renteutgifter, provisionar og andre finansutgifter	4 400	4 200	4 000	3 800	8 050	9 366
Avdrag på lån	4 000	4 000	4 000	4 000	5 400	8 004
Avdrag lån Hydro						18 597
<b>Netto finansinntekter / - utgifter</b>	<b>5 400</b>	<b>5 200</b>	<b>5 000</b>	<b>4 800</b>	<b>9 450</b>	<b>29 914</b>
Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk						
Til ubundne avsetningar	20 242	19 344	17 740	23 096	21 796	37 364
Til bundne avsetningar						
Bruk av tidligare års regneskapsmessige mindreforbruk						-47 364
Bruk av ubundne avsetningar						
Bruk av bundne avsetningar						
<b>Netto avsetningar</b>	<b>20 242</b>	<b>19 344</b>	<b>17 740</b>	<b>23 096</b>	<b>21 796</b>	<b>-10 000</b>
<b>Overført til investeringsreknesk</b>	<b>68 000</b>	<b>68 000</b>	<b>68 000</b>	<b>68 000</b>	<b>68 827</b>	<b>24 211</b>
<b>Til fordeling drift</b>	<b>-179 981</b>	<b>-183 701</b>	<b>-188 179</b>	<b>-192 616</b>	<b>-173 315</b>	<b>-214 238</b>
10 Sentrale styringsorgan	35 576	36 670	37 638	38 477	35 607	31 404
20 Riksford skole	30 956	31 730	32 523	33 336	31 268	28 776
21 Julsundet skole	12 272	12 579	12 893	13 216	12 032	10 400
22 Barnebo barnehage	4 064	4 166	4 270	4 376	4 589	2 982
23 Bergetippen barnehage	1 555	1 594	1 634	1 675	2 537	1 407
25 Oppvekst og Kultur	11 181	10 641	10 907	11 179	12 260	10 920
30 Pleie og omsorg	46 868	48 040	49 241	50 472	46 270	44 188
40 Helse	11 198	11 478	11 765	12 059	12 761	9 046
50 NAV	4 388	4 498	4 610	4 725		
60 Plan, utvikling og samfunn	2 334	2 392	2 452	2 513	2 472	988
62 Drift, forvaltning og vedlikehald	10 062	10 314	10 571	10 836	8 744	2 790
65 Brann og beredskap	2 928	3 001	3 076	3 153	2 916	3 939
Juvika småbåthamn						5
Buffer	10 000	10 000	10 000	10 000	5 529	0
Motpost kalk. Rente,avskr, avsetn.	-3 401	-3 401	-3 401	-3 401	-3 670	-1 545
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>179 981</b>	<b>183 701</b>	<b>188 179</b>	<b>192 616</b>	<b>173 315</b>	<b>145 300</b>
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-68 938</b>

## Økonomiplan investering 2010 - 2013

### Generelt

Som det er gjort greie for i den innleiande tekstdelen av rådmannens budsjettframlegg, har det vore avgjerande i budsjettprosessen å tilpasse samla nivå på drifts- og investeringstiltak til påreknelege, realistiske rammer, og i tillegg slik at kommunens handlingsfridom på sikt blir oppretthalde.

Ut frå desse økonomiske haldepunkta, kan årleg ramme for driftsfinansierte investeringar ligge i underkant av 70 mill.kr/år.

I utgangspunktet er dette ei svært høg ramme for ein liten kommune å kunne dekke over driftsbudsjettet. Samtidig er det slik, at det dei nærmaste åra er ønske om – og behov for – vesentlege investeringstiltak, som delvis er avhengige av kvarandre, delvis utfyllande for kvarandre, og da oppstår utfordringar knytta til prioritering i tid og rom.

Nokre eksempel:

Det høgast prioriterte tiltaket er nye Riks fjord skole. Denne utbygginga vil bli svært dominerande i framtidige investeringsbudsjett, uavhengig av plassering. Men lokaliseringspørsmålet er viktig for andre investeringstiltak: plassering på Falkhytten vil opne for samspel og samarbeid med kulturhusfunksjonar og dermed på sikt kunne redusere dei samla investeringskostnadane for kommunen, det vil vere ein bærebjelke for kommunens sentrumsutvikling, etc. På Gossen er det utflating/nedgang i folketalet, og kommunen må stimulere til vekst. Det set krav til parallel framdrift i grunnkjøp og tomteopparbeiding, til finansiering av leiligheter, etc. I rådmannens investeringsforslag for perioden t.o.m. 2013 er kulturhus ikkje teke med, men på det tidspunktet er skolen heller ikkje ferdig. I den vidare prosessen blir det viktig å ”avstemme” forhold som dette.

I Julsundet vil det i dei nærmaste åra pågå prosessar der ein må sjå ulike tiltak i klar samanheng. Her er situasjonen at kommunen truleg må avpassa/begrense vekst. Kommunen kan i større grad styre dette, men det er avgjerande at utbygging av skole, barnehageplassar, etc. harmonerer i tid med reelle behov, som gjerne skapes gjennom tilflytting (behov for tomter, bustader). Ved Julsundet skole kan det bli behov for klassedeling (elevtalet er nær delingsgrenser), og det er rombehov knytta til funksjonshemma elevar. Ei plannemnd arbeider med heile denne problematikken.

Kommunestyret får snart omsorgsplana til behandling. Denne plana vil innehalde forslag som må vurderast i denne økonomiplanperioden (tidlegast frå 2011). Det gjeld endringar ved Aukraheimen, det gjeld alternative boformer (bokollektiv), bustader for personar med serlege behov, etc. Frå 2012 innføres samhandlingsreformen, og det vil utfordre også Aukra kommune ytterlegare, gjennom alternative behandlingsopplegg (mellomløysingar mellom heim/sjukeheim/sjukehus).

Syn på prioriteringar vil variere. I rådmannens forslag er det lagt inn investeringar som held seg innafor den ramme som er tilgjengeleg. Det betyr ikkje at andre tiltak er uviktige. T.d. kan det gjelde gang- og sykkelvegar, som fleire i kommunestyret har vore opptekne av å prioritere. Etter rådmannens syn er situasjonen når det gjeld gang- og sykkelvegar relativt god på Gossen, men nye behov kan oppstå i kjølvatnet av bustadbygging, også i Julsundet. Det er nødvendig med ein grundig politisk prosess for å kome fram til eit samla, optimalt resultat.

Tabellen under viser investeringsbudsjett, slik det er vedteke av kommunestyret.

### Økonomiplan investeringsbudsjett 2010 – 2013 Budsjettskjema 2 A og B

Tala er i heile 1000 kr

Investeringar i anleggsmidlar	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett korr 2009	Regnesk 2008
10 Sentrale styringsorgan	2 600	0	0	0	0	1 290
20 Riksford skole	38 320	60 000	70 000	20 000	8 000	3 207
21 Julsundet skole	150	10 000	10 000	30 000	990	6 145
22 Barnebo barnehage	250	0	0	0	0	522
23 Bergetippen barnehage	200	1 000	6 500	0	500	458
25 Oppvekst og kultur	2 915	200	200		6 985	197
30 Pleie og omsorg	4 651	300	5 300	15 000	7 100	2 409
40 Helse	5 600	0	0	0	6 200	40
50 NAV	0	0	0	0		
60 Plan, utvikling og samfunn	1 000	0	0	1 000	2 675	320
62 Forvaltning, drift og vedlikehald	38 950	5 000	9 880	7 500	26 700	45 965
65 Brann og beredskap	0	0	0	0	0	0
Små tiltak			3 100	4 000		
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>94 636</b>	<b>76 500</b>	<b>104 980</b>	<b>77 500</b>	<b>59 150</b>	<b>60 553</b>
Utlån og forskottingar						2 110
Avdrag på lån	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	30 325
Avsetningar						10 885
Møreaksen					5 000	
Bustadbygging					3 120	
Nærings- og industriområde					2 000	
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>96 636</b>	<b>78 500</b>	<b>106 980</b>	<b>79 500</b>	<b>71 270</b>	<b>103 873</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lånemidlar						-771
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-86	-2 000	-2 000	-2 000		-1 776
Tilskot til investeringa	-26 050					-25 010
Tilskott GIL KGB						
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 733
Andre inntekter						-754
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-28 136</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-31 044</b>
Overført frå driftsbudsjettet	-68 000	-68 000	-68 000	-68 000	-68 827	-24 211
Bruk av avsetningar	-500	-6 500	-34 980	-7 500	-443	-38 249
<b>Sum finansiering</b>	<b>-96 636</b>	<b>-78 500</b>	<b>-106 980</b>	<b>-79 500</b>	<b>-71 270</b>	<b>-93 504</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 369</b>

- Små tiltak blir synleggjort med eiga totalramme i 2012 og 2013, då det er pårekneleg med kostnader til slike tiltak
- Det er sett opp sal av bustadomter med 2 mill. frå 2011.
- I 2011, 2012 og 2013 er det budsjettert bruk av fond i tillegg for å finansiere tiltaka.

## Investeringstiltak

Tabellen viser vedteke investeringsbudsjett, med nettokostnad for kommunen.

### Investeringstiltak

		2010	2011	2012	2013	Sum
<b>20</b>	Nye Riks fjord skole	38,2	60	70	20	188,2
<b>21</b>	Julsundet skole		10	10	30	50
<b>23</b>	Bergetippen barnehage		1	6,5		7,5
<b>25</b>	Leigeavtale GIL	1,5				1,5
<b>25</b>	Kulturhus	0,3				0,3
<b>30</b>	Aukraheimen - utbygging			5	15	20
<b>30</b>	Omsorgsplan - planlegging i høve ombygging/ utbygging	0,5				0,5
<b>30</b>	Avlastningsbustad	3,5				3,5
<b>40</b>	Dr. Riiber motorar og ombygging	1,25				1,25
<b>60</b>	Bygging av breiband	1			1	2
<b>62</b>	Hovudvassleining fastlandet - Utbyggingsavtale Statnett	9,7				9,7
<b>62</b>	Vatn	0,3	1	1	1	3,3
<b>62</b>	Avløp	1	1	1	1	4
<b>62</b>	Asfalt/reasfaltering veg og gang- og sykkelvegar, gatelys	1,2	0,5	0,5	0,5	2,7
<b>62</b>	Bustadomter Falkhytten	4	2	2		8
<b>62</b>	Bustadomter Julsundet			5	5	10
<b>XX</b>	Kyrkjelydshus	1,3				1,3
	<b>Sum store tiltak</b>	<b>63,75</b>	<b>75,5</b>	<b>101</b>	<b>73,5</b>	<b>314</b>
	<b>Små tiltak</b>					
<b>10</b>	Aggregat kommunehuset/ helsecenteret				3,1	4
<b>10</b>	Lagring - San	0,5				0,5
<b>10</b>	Frøken Ur	0,1				0,1
<b>10</b>	Fleksibel sonemodell med heimekontorløysing	0,7				0,7
<b>20</b>	Digitale tavler	0,12				0,12
<b>21</b>	Smartboardtavler på klasserom	0,15				0,15
<b>22</b>	Oppgradering uteområde Barnebo	0,25				0,25
<b>23</b>	Overbygg til vogner/soveplass	0,2				0,2
<b>25</b>	Plan for idrett, aktivitet og friluftsliv	0,2	0,2	0,2		0,6
<b>25</b>	Sanitærbygg/lagerrom Løvikremma	0,5				0,5
<b>25</b>	Fornying av defekt utstyr - Kulturskolen	0,415				0,42
<b>30</b>	Inventar og utstyr PLO inkl. Sansehage	0,36	0,3	0,3		0,96
<b>30</b>	Tryggheitsalarmer - ny alarmsentral og alarmer	0,131				0,13
<b>30</b>	Turnusprogram	0,16				0,16
<b>40</b>	Win Med 3.0 dataoppgradering	0,1				0,1
